

Friluftsliv og næringsverksemd i verna område



Universitetet i Oslo
Det juridiske fakultet

Kandidatnummer: 639
Leveringsfrist: 25. April 2011

Til sammen 17 725 ord
25.04.2011

Innholdsfortegnelse

1	INNLEIING	1
1.1	Tema for framstillinga	1
1.2	Avgrensingar	3
1.3	Oppsett for framstillinga	3
2	FRILUFTSLIV I VERNA OMRÅDE	4
2.1	Innleiing	4
2.2	Vern som avgrenser friluftsliv	7
2.2.1	Ferdsl til fots	8
2.2.2	Andre former for friluftsliv	11
2.2.3	Friluftsliv for menneske med ei form for funksjonshemming	14
2.2.4	Jakt og fiske	16
2.2.5	Organisert friluftsliv	17
2.3	Konklusjon	19
3	NÆRINGSVERKSEMD I VERNA OMRÅDE	21
3.1	Innleiing	21
3.2	Vern som avgrenser næringsverksemd	22
3.2.1	Reiselivsverksemd	22
3.2.2	Turistforeningsdrift og anna overnattingsverksemd	27
3.2.3	Landbruk	29
3.2.4	Reindrif	31
3.2.5	Fiske og oppdrettsnæring	33
3.2.6	Næringsverksemd i samband med jakt og fiske	35
3.2.7	Kraftproduksjon	36
3.3	Konklusjon	37

4. TROLLHEIMEN	39
4.1 Trollheimen landskapsvernområde	39
4.2 Friluftsliv i Trollheimen	41
4.2.1 Innleiing	41
4.2.2 Ferdsel til fots	42
4.2.3 Anna former for friluftsliv	44
4.2.4 Friluftsliv for menneske med ei form for funksjonshemming	45
4.2.5 Jakt og fiske	46
4.2.6 Organisert ferdsel	47
4.3 Næringsverksemd i Trollheimen	48
4.3.1 Innleiing	48
4.3.2 Reiselivsverksemd	48
4.3.3 Turisthyttedrift og anna overnattingsverksemd	49
4.3.4 Landbruk	52
4.3.7 Reindrif	53
4.3.6 Næringsverksemd i samband med jakt og fiske	54
4.3.7 Kraftproduksjon	55
4.4 Konklusjon	55
5 KONKLUSJON	57
LITTERATURLISTE	59

1 Innleiing

1.1 Tema for framstillinga

Tema for denne oppgåva er friluftsliv og næringsverksemd i verna område. Problemstillinga er nærare bestemt kva avgrensingar vedtak om vern av eit område kan innebære for næringsverksemd og friluftsliv.

Tanken om å verne natur fekk innpass i Noreg rundt 1900-talet, og den første lova om naturfreding kom i 1910. Denne vart avløyst av ein ny lov i 1954, men fram til rundt 1975 var vernearbeidet fokusert på naturminne. Det første området som vart verna som nasjonalpark i Noreg var Rondane i 1962.¹

Områdevern er eit verkemiddel for å ivareta mangfaldet i naturen, og å sikre mangfaldet for kommande generasjonar. Ved å verne eit område blir området gitt ein bestemt rettsleg status med formål å ta vare på artar, naturtypar, økosystem og landskap.

Områdevern skal sikre eit representativt utval av norsk natur for framtida.

Naturverdiane som blir verna kan vere knytt til naturens eigenverdi, den naturvitskaplege karakter eller opplevingsverdi for menneska.²

Internasjonalt har det vorte stor fokus på å ta vare på biologisk mangfold, og Noreg har slutta seg til fleire internasjonale avtalar som har dette som mål. I internasjonal sammenheng har Noreg eit særleg ansvar for å sikre fjord, kyst, oseaniske skogar og alpine naturområde.³

¹ Nettsidene til Direktoratet for naturforvaltning

² Ot.prp nr. 52(2008-2009) kap. 11 s.1, § 1 i naturmangfoldlova

³ Forvaltningsplan for Trollheimen s.10

Det har vorte eit mål for myndigheitene at det skal skapast økonomiske verdier i verna område.⁴ Men ønsket om verdiskaping står ofte i kontrast til begrensingar vernet sett for området.

Storparten av befolkninga i Noreg er utøvarar av ei eller anna form for friluftsliv. Det tradisjonelle friluftslivet har bestått av aktivitetar som turar til fots eller på ski og plukking av bær og sopp, men i dei siste åra har andre friluftaktivitetar fått innpass, og vunne fram hos mange yngre på bekostning av det tradisjonelle, enkle friluftslivet.

Bruk og vern skaper konflikter mellom ulike grupper både når det er snakk om friluftsliv og næringsverksemd. Grunneigarar, utbyggerar, folk som brukar område til friluftsliv, dei som vil verne området og myndigheitene som tar avgjerda om vern har ulike interesse. Nokre vil åpne for meir bruk i verneområda, medan andre vil avgrense noko bruk eller til og med all bruk.⁵

I dag er totalt er 16% av landarealet i Noreg verna.⁶ Storparten av verna område(inkludert ferskvatn) er verna som nasjonalpark, landskapsvernområde eller naturreservat.⁷ Det er desse tre verneformene eg skal sjå på i denne oppgåva.

Ettersom friluftsliv ofte blir brukt som tilleggsargument for at eit område blir verna som nasjonalpark og landskapsvernområde, vil mest dreie seg om desse to verneformene. Områda omtala i denne oppgåva er både område verna etter naturvernlova og den etterfølgande naturmangfoldlova av 19.06.2009.⁸ Mange av områda som blir brukt som dømer vart verna etter naturvernlova. Lov om forvaltning av naturens mangfold(naturmangfoldlova) vidarefører desse verneområda.

⁴ St.prp. nr 65(2002-2003)

⁵ Dannevig s.28

⁶ Nettsidene <http://www.miljostatus.no>

⁷ Nasjonalparker 9,4%, landskapsvernområde 5%, naturreservat 1,7%, andre verneformer 0,1%

⁸ Lov om naturvern av 19.06.1970 nr. 63. og lov 19. Juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

1.2 Avgrensingar

Det fins mange former for områdevern, der vern etter naturmangfoldlova er ein av dei. Vern kan komme stand gjennom anna lovverk, avtale eller at grunneigar sjølv avgjer at eit område skal vernast.⁹

Eg skal i denne oppgava sjå på naturmangfoldlova sine moglegheiter for vern. Eg velgjer å ikkje behandle biotopvernområde eller marint verneområde. Dette er vernekategoriar som er begge nye etter naturmangfoldlova.

Eg skal berre ta for meg norsk rett. Men internasjonale reglar har stor innverknad på korleis dei norske reglane ser ut.

1.3 Oppsett for framstillinga

Denne oppgåva er delt i 3. Eg skal først ta for meg friluftsliv i verna område, deretter næringsverksemd i verna område, og til slutt skal eg sjå på Trollheimen landskapsvernområde som døme på korleis vern kan få konsekvensar for friluftsliv og næringsverksemd.

⁹ Til dømes er kystområde i Sør-Noreg verna som skjærgardspark etter avtale mellom grunneigarane og staten. Sjå forvaltningsplan for Lister Skjærgardspark s.5

2. Friluftsliv i verna område

2.1 Innleiing

Her skal eg ta for meg friluftsliv generelt før eg tar for meg friluftsliv i verna område.

Eg velger å bruke uttrykket friluftsliv om opphald og ferdsel ute i naturen, som foregår på fritida og skjer utifrå eit ønske om rekreasjon. Dette kjem fram av ordlyden i formålsparagrafen § 1 i friluftslova, der det står at friluftsliv er aktivitetar som skjer på fritida, blir utøvd i naturen, og som gjerne er helsefremmande og trivselsskapande.¹⁰

Dette friluftslivomgrepet omfattar eit vidt spekter av aktivitetar. Det inneber både det tradisjonelle, enkle friluftslivet som går ut på å bruke naturen til å gå turar til fots og på ski, telting, bading osv. Det gjeld og meir moderne former for friluftsliv som til dømes terrengsykling, snøbrettkøyring, basehopping, fjellklatring og kiting.

Ein av dei viktigaste føresetnadene for å kunne utøve friluftsliv i Noreg er allemannsretten. Allemannsrett er ulike typar rettar allmennheita har over eigedom ein annan person eig. Allemannsrettane kan delast inn i tre grupper: ferdselsrettar, opphaldsrettar og haustingsrettar. Desse rettane gjeld både privat og statleg grunn, og den som eig grunnen kan som hovudregel ikkje motsette seg bruken.¹¹

Det meste av lovgrunnlaget for ferdsels- og opphaldsrettane finn vi i friluftslova og vassressurslova, medan rettane til hausting er spreidd på straffelova og ulik naturressurslovgiving.

Retten til å ferdast etter friluftslova gjeld med atterhald som følgjer av anna lov eller føresegner gitt i medhald av lov, jamfør friluftslova § 19. Dette inneber at naturmangfoldlova og verneforskriftene for dei ulike verneområda går før reglane i friluftslova, og kan innskrenke rettane ålmenta har til å ferdast i utmark og innmark.

Retten til å ferdsel og bruk av anna manns eigedom er av stor betydning for moglegheitene som folk som ikkje eig utmark har til friluftsliv. Allemannsretten er på

¹⁰ Lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet

¹¹ Lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet og

Lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).

mange måtar fundamentet for friluftslivet i Noreg. Der vern av område har komme moglegheiter for friluftslivaktivitetar til gode, har vore til inga nytte dersom ein grunneigar innanfor verna område kunne forby folk å bruke eigedommen sin.

Allemannsrettane gjeld ”enhver”, uansett om ein har tilknytning til eigedommen, bur på staden eller alder, økonomi og nasjonalitet. Frå dette er det visse unntak som gjeld haustingsrettane, men i det store og heile kan alle som vil utnytte seg av allemannsrettane.¹² Allemannsretten gir rett til ferdsel og opphald på utmark og noko ferdsel på innmark, uansett om det er på fjellet, stranda eller på skitur i skogen jamfør friluftslova § 2. Allemannsretten gjeld ikkje motorisert ferdsel.¹³ Utmarka utgjer størstedelen av landet, og allemannsretten gjer at folk skal kunne bruke store område til friluftslivaktivitetar. Føresetnaden for denne bruken er at det skjer omsynsfullt og med tilbørleg varsomheit jamfør friluftslova §§ 2 og 11.

Allemannsretten gjeld og i sjøen både sommar og vinter.¹⁴ Vassressurslova § 16 bokstav c gir rett til fri ferdsel i vassdrag(innsjø, elver og bekkar) i båt, til fots eller på ski. For barn under 16 år er det ein allemannsrett å vederlagsfritt kunne fiske innlandsfisk i vassdrag i perioden 1.januar til 20 august. Dette følgjer av lakse- og innlandsfiskelova § 18 første ledd.

Å plukke sopp, bær og blomster høyrer til haustingsrettane. Ifølgje straffelova § 400 kan ein på ”uinhegnet sted” straffritt plukke nøtter som fortærast på staden. Ville bær, sopp og blomster kan plukkast og tas med. Det same gjeld røter av ville urtar.¹⁵

¹² Backer(2007) s. 452f

¹³ Reglar for motorferdsel generelt i utmark og vassdrag er gjeve i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr.82. Motorferdsel i utmark er som hovudregel forbode jamfør § 3. I Rt. 1973 s.869 fastslo høgsterett at motorisert ferdsel ikkje er ein del av allemannsrettane

¹⁴ Friluftslova § 6

¹⁵ Dette er vedtatt endra i den nye straffelov, men den trer ikkje i kraft før 2012 jfr lov 20.mai. Nr.28 2005 om straff(straffeloven)

Uinhegnet sted må forståast på same måte som utmark i friluftsløva.¹⁶ Dette gjeld likevel ikkje ubegrensa.¹⁷

Friluftslivet og allemannsretten heng nøye saman. Begge delar føresett at det fins utmark å ferdast i. For å utøve det tradisjonelle friluftslivet er det naudsynt med store samanhengande område, utan store inngrep i naturen. På denne måten blir områdevern i somme tilfelle ein føresetnad for å kunne drive det tradisjonelle, enkle friluftslivet.

I utbygging av naturområde ligg det store verdiar, i utbygging av til dømes hyttefelt, vasskraftverk, vindmøller og slalåmanlegg. Auka aktivitet i form av utbygging og andre inngrep i naturen påverker moglegheitene for friluftsliv fordi det reduserer og delar opp utmarksareal som no er tilgjengelige for fotturisme og andre former for friluftsliv. Små inngrep som i seg sjølv ikkje har stor betydning kan på sikt føre til at friluftsområde gradvis blir mindre.

Det framgår av § 1 i friluftsløven at formålet med lova er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre retten ålmenta har til ferdsel og opphald i naturen slik at moglegheita til å utøve friluftsliv som ein helsefremmande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet blir bevart og fremma. Men med få unntak har ikkje friluftsløva i dag heimel til å verne naturgrunnlaget friluftslivet er avhengig av. Område må vernast etter anna regelverk, og då er det hovudsakleg vern etter naturmangfoldlova.¹⁸

Å sikre eit område for friluftsliv er likevel ikkje etter naturmangfoldlova eit sjølvstendig grunnlag for å verne eit naturområde.¹⁹ Vern etter naturmangfoldlova krev eit naturfagleg grunnlag. Omsynet til friluftsliv kjem likevel ofte inn som eit

¹⁶Falkanger (2002) s. 414

¹⁷ Sårbare eller sjeldne planter kan vere verna etter naturmangfoldlovas reglar. I tillegg er det særlege reglar for molteplukking i Nordland, Troms og Finnmark jamfør straffeløva § 400 andre ledd, og for Finnmarkseigedommen jamfør § 23 lov av 17.juni nr. 85 2005

¹⁸ Naturområde kan og vernast på anna måte, mellom anna gjennom anna lovverk, avtale mellom grunneigar og staten(t.d. for skjærgardsparkar) eller ved grunneigars eige avgjerd

¹⁹ Der er derimot Lov om naturområder i Oslo og nærliggende kommuner (Markaløva) av 5. Juni 2009 nr. 35. Det går fram av § 1 at formålet med lova er å ”fremme og tilrettelegge for friluftsliv, naturopplevelse og idrett.

tilleggsargument for vern, og områdevern er i aller høgste grad med på å sikre område for friluftsliv.

Ved vern blir konkrete område eller artar blir peikt ut ved særskilt vedtak og blir dimesd verna mot framtidige inngrep. Når eit område blir verna blir det i verneforskrifta fastsett reglar for bruken av dette området, og mange former for bruk og utnytting av naturen blir dimesd forbode eller sett restriksjonar på.²⁰ Dette gjer det mogleg å bruke områda til friluftsliv av forskjellig slag. I eit område der fleire har bruksinteresse og desse står i motsetning til kvarandre, kan vedtak om vern komme friluftslivet til gode.

2.2. Vern som avgrensar friluftsliv

Problemstillinga i 2.2 er om og eventuelt korleis vern av eit område kan avgrense friluftsliv. Eg skal ta for meg ulike former for friluftsliv og i tillegg friluftsliv for enkelte grupper menneske med funksjonshemming.

Når eit område blir verna får det eit generelt vern mot ulike tiltak og ulike former for bruk. I tillegg får reglar som avgrensar og regulerer ferdsel generelt bruk i verna område t.d. friluftsliva §§ 2 og 4.²¹

Allemannsretten gjeld i verna område, slik at ferdsel som er i utgangspunktet er lovleg etter friluftsliva og er lovleg i verna område. Men allemannsretten må vike der andre lover sett avgrensingar for allemannsretten, jamfør friluftsliva § 19. Der eit område blir verna etter naturmangfoldslova blir det i verneforskrifta gitt heimlar for å avgrense ferdsla og dimesd avgrense friluftsliv.

Naturmangfoldlova § 34 fjerde ledd fastslår at gjennom verneforskrifta kan nedleggast forbod mot eller settast reguleringar på ferdsel, dersom ferdselen aleine eller saman med anna bruk motverker formålet med vernet. Dette tilsvarte § 22 i naturvernlova. Kva som er formålet med vernet i eit verneområde framgår av verneforskrifta for området.

²⁰ I verneforskrifter er det t.d lagt ned forbod mot inngrep; vegar, vasskraft, oppføring av bygg osv.

²¹ Backer (1986) s.220

2.2.1 Ferdsel til fots

Spørsmålet her er om ferdsel til fots kan avgrensast i eit verneområde.

Hovudregelen etter friluftsløva er at alle kan ferdast fritt i utmark heile året jamfør friluftsløva § 2. På innmark kan ferdsel til fots berre skje mellom 14. oktober og 30. april dersom marka er frosen eller snølagd, jamfør friluftsløva § 3. Retten til å ferdast på innmark gjeld ikkje på gardsplass eller hustomt, inngjerda hage eller park eller anna inngjerda område kor ferdsel vil vere for utilbørleg trengsel for eigar eller brukar. Dette gjeld tilsvarende innafor verna område. Unntak frå dette må stadfestast med heimel i lov eller forskrift jfr friluftsløva § 19.

I Nasjonalpark er ferdsel til fots i samsvar med reglane i friluftsløva som hovudregel tillate jamfør § 35 andre ledd i naturmangfoldlova. Men slik ferdsel kan avgrensast eller forbys etter andre ledd fjerde punktum. Vilkåret er at reguleringa er ”nødvendig for å bevare planter eller dyr, kulturminner eller geologiske forekomster”. For at tiltaket skal vere ”nødvendig” må vere ein reell fare for verneverdiane dersom det ikkje blir innført restriksjonar.²² Dersom villrein er spesielt sårbar i yngletida, kan det til dømes settast restriksjonar på ferdsel til fots.

Det følger av § 35 andre ledd at restriksjonar på ferdsel til fots berre kan innførast i avgrensa delar av ein nasjonalpark. Det er altså ikkje høve til å nedlegge eit totalforbod mot ferdsel i verneforskrifta. Ferdelsforbodet kan berre innførast i det området plantene, dyra, kulturminnene eller geologiske forekomstar befinn seg.

Restriksjonane som blir fastsett i ei verneforskrift kan gjelde alt som fell innanfor omgrepet ferdsel til fots eller berre visse sider av ferdsla. Dei kan gjelde bestemte trasear, tidsperiodar, organisert ferdsel, og kan gå ut på forbod, krav om løyve eller meldeplikt.²³

Friluftsliv og naturoppleving er nevnt i mange føremålsparagrafar i verneforskrifter for nasjonalparker, m.a. for Hardangervidda nasjonalpark, Jostedalsbreen nasjonalpark,

²² Backer(2010) s.320

²³ Ibid

Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark.²⁴ Det er det ”tradisjonelle og enkle friluftslivet” som blir framheva. Det tilseier at i slike nasjonalparkar har ferdsel til fots ein forrang. Men sjølv om friluftsliv er framheva i formålet til verneforskrifta kan det likevel vere reguleringar på ferdsel til fots.

Dersom det er planter, dyr, kulturminne eller geologiske forekomstar som treng å bli verna frå ferdsel er det mogleg å sette i gang ei rekke tiltak. Verneforskrifta kan til dømes innføre ferdselsforbod, bestemme at turisthytter stengast helt eller for ein periode og at stiar fjernast eller det blir merka ny rute slik at ferdsla blir kanalisert bort frå området.

Ferdselsforbod i ei viss tid på året er det fastsett i mange nasjonalparkar, sjå mellom anna verneforskrifta for Ytre Hvaler nasjonalpark, der det av omsyn til hekkande fugl og kasteplassar for sel er det sett restriksjonar på ferdsel. Til dømes er det bestemt at all ferdsel, inkludert ferdsel til fots forbode frå 15. april til 15. juli i to soner i nasjonalparken. Verneforskrifta punkt 5.4 legg også ned forbod mot telting i delar av nasjonalparken, dette av omsyn til fugl.²⁵

Det følgjer av naturmangfoldlova § 34 fjerde ledd at i verneforskrifta for det enkelte verneområdet kan det regulerast ferdsel som kan motverke formålet med vernet.

Dersom ytterlegare regulering enn det som er fastslått i verneforskrifta kan bli naudsynt, kan det vere fastslått i verneforskrift at Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift kan regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet. Dette kan berre skje i nærare avgrensa delar av nasjonalparken, og andre tiltak skal foretrekkast der det er mogleg.²⁶

Børgefjell nasjonalpark er eit døme på ein av mange nasjonalparkar der det ikkje er tilrettelagt for ferdsel verken til fots eller for noko anna former for ferdsel. Det følgjer av § 3 punkt 1.1 at Børgefjell nasjonalpark er verna mot inngrep av einkvar art, mellom anna bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Det ligg 4 hytter innafør nasjonalparken som kan leigast, men overnatting skjer stort sett i

²⁴ Verneforskrifter for Hardangervidda § 2, Jostedalsbreen III, Dovrefjell-Sunndalsfjella § 2 andre ledd

²⁵ Forskrift om vern av Ytre Hvaler nasjonalpark 26.06.2009 nr. 883

²⁶ Sjø verneforskrift for Børgefjell §3 5.4 og for Ytre Hvaler punkt 5.5 tredje ledd.

telt. Turistforeiningsdrift fins ikkje i Børgefjell nasjonalpark.²⁷ Ikkje alle turgåarar er komfortable med å sove i telt, ikkje ha moglegheit til å ta ein dusj, lage middag ved hjelp av primus eller bål eller gå i umerka terreng. Dette kan føre til at mange vel å ikkje bruke område som Børgefjell. Men område som Børgefjell er ikkje verna for fotturistane. For at verneverdiane ikkje skal lide skade kan det vere naudsynt at det ikkje leggast til rette for forturistar. Ei eventuell bygging av turisthytte vil føre til store forstyrringar for dyr i området og mogleg øydelegging av vegetasjon. Tilrettelegging for turgåarar kan føre til at fleire velgjer eit område, også dette gir auka slitasje og forstyrring av dyr.

Det følgjer av naturmangfoldlova § 36 2. ledd femte punktum at verneforskrifta for eit landskapsvernområde ikkje kan regulere den vanlege ferdsla til fots utover reglane i friluftlova. Skal ferdsel til fots i eit landskapsvernområde regulerast må det i tilfelle kombinerast med anna former for vern av området, anten oppretting av naturreservat eller eit biotopvernområde.

I eit må naturreservat ingen må foreta seg noko som forringar verneverdiane gjevne i verneformålet jamfør naturmangfoldlova § 37 tredje ledd. Eit naturreservat kan difor totalfredast mot all ferdsel, også ferdsel til fots. Kor store restriksjonar som kan settast spørst på verneformålet for naturreservatet, sjå naturmangfoldlova § 34 fjerde ledd. Dersom det er naudsynt for å bevare naturverdiane som ligg til grunn, kan verneforskrifta innføre totalforbod mot ferdsel. I dei fleste tilfella er ferdselsforbodet avgrensa til dømes til hekkeperiodar og andre tider av året der det er naudsynt med fred og ro for artane innafor naturreservatet, eller tid på året dei er meir sårbare enn elles.²⁸ Til dømes er det i mange naturreservat som er verna for sjøfugl lagt ned forbod mot all ferdsel i hekkeperioden, og i naturreservat verna for villrein kan det innførast ferdeselsforbod i kalvingstida, sjå verneforskriftene for Illholmane naturreservat og Hisdalen naturreservat.²⁹

²⁷ Forvaltningsplan for Børgefjell s.31, verneforskrift for Børgefjell

²⁸ Backer(2010) s. 340

²⁹ Forskrift 3. April 1987 nr. 247 om vern for Illholmane naturreservat IV punkt 4. Forbod mot å gå i land og å ferdist på holmar og skjer ut i ei sone ut til 50 meter frå land mellom 15. april og 31. Juli. I kalvingstida for villrein kan det leggast ned ferdselsforbod, som til dømes i Hisdalen naturreservat, der det er nordvest i reservatet er forbode å ferdist i frå 25. april til og med 31. mai § 3 punkt 8.

Der det er sett restriksjonar på ferdsel til fots, kan det og settast restriksjonar på anna former for friluftsliv. Ferdsel til fots er den forma for friluftsliv som er sett på som er minst øydeleggende for naturen.

Konklusjonen her er at sjølv om ferdsel til fots er ein ferdselsform som berre unntaksvis kan skade naturen, kan det i medhald av naturmangfoldlova og verneforskrifta for det enkelte verneområdet settast restriksjonar på ferdsla. Andre restriksjonar kan føre til at moglegheitene for ferdsel blir avgrensa, i form av restriksjonar på hyttedrift og mangel på merka løyper. Men alt i alt er det ikkje reguleringa av ferdsel til fots så stor.

2.2.2 Andre former for friluftsliv

Det er det enkle tradisjonelle friluftslivet som trekk flest menneske ut i marka og fjellet, men i dei seinare åra har andre former for aktivitetar fått innpass som populære former for friluftsliv. Spørsmålet er om slike aktivitetar kan avgrensast i eit verneområde.

Terrengsykling, surfing, padling, dykking, rafting, klatring og luftsportsaktivitetar (fallskjermhopping, paragliding, hanggliding) drar fleir og fleir ut på bekostning av det tradisjonelle friluftslivet, særleg mellom dei yngre.³⁰ Desse ferdselsformene blir ofte omtala som ”nye” ferdselsformer.

Få av dei nye friluftaktivitetane er nevnt spesifikt i friluftsløva. Ein må då gå til andre rettskjelder for å kunne avgjere om ein aktivitet er ein allemannsrett eller ikkje. Om dei er det må for kvar enkelt aktivitet avgjerast utifrå ei tolking av friluftsløva. Dersom dei fell under allemannsretten er aktivitetane i utgangspunktet lovlege.

For at ein ny form for ferdsel skal vere ein allemannsrett er den viktigaste føresetnaden at ferdsla er i tråd med føremålet i friluftsløva, nemleg at det miljøvenlege friluftslivet blir ivaretatt. Dei nye ferdselsformene som ikkje er eit trugsmål for miljøet kan difor vere ein allemannsrett. Klatring er til dømes til vanleg ikkje ein aktivitet som fører til skade på naturen. Om klatring er ein allemannsrett er ei skjønsmessig vurdering av skadeverknadene på miljøet og forholdet til grunneigar, og forholdet til aktsemdsregelen i friluftsløva. Vassressurslova § 16 første ledd bokstav c gir rett til dei

³⁰ St.melding nr.21(2004-2005)

flest tenkelege ferdselsformer i vassdrag, så lenge ferdsla ikkje er motorisert . Dette gjeld og nye former for friluftsliv.³¹

Det følger av naturmangfoldlova at det kan settast restriksjonar på ferdsel som skade verneverdiane, og det er større åpning for å sette restriksjonar på anna former for friluftsliv enn det er for ferdsel til fots. Det er ikkje alltid det er sett restriksjonar på ferdsla i verneforskrift for eit område.

Nokre av dei nye friluftaktivitetane krev lite tilrettelegging og få naturinngrep, og kan vere meir miljøvennlege enn tradisjonelle friluftslivaktivitetar. Terskelen for å forby desse aktivitetane er likevel lågare enn for dei tradisjonelle ferdselsformene.³²

Det følgjer av naturmangfoldlova § 35 andre ledd andre punktum at verneforskrifta for ein nasjonalpark ”skal verne landskapet mot utbygging, anlegg, forurensing og annen aktivitet som kan skade formålet med vernet”. Andre friluftaktivitetar enn ferdsel til fots fell inn under ”Annen” aktivitet. Anna former for friluftaktivitetar kan regulerast dersom formålet med vernet kan skadast.

Det er ikkje stilt krav til at det må vere naudsynt med regulering av aktiviteten for å hindre skade. Det er nok at verneverdiane kan bli utsett for skade, jamfør føre-var-prinsippet i naturmangfoldlova § 9.³³

Verneforskrift for nasjonalpark skal og sikre ein uforstyrra oppleving av naturen. Dersom det oppstår bråk og støy i samband med ein friluftslivaktivitet, kan dette regulerast i verneforskrifta.

For landskapsvernområde er det fastslått at anna ferdselsformer enn ferdsel til fots kan regulerast jamfør § 36 andre ledd siste punktum. Aktivitetar som sykling, riding, hundekjøring, kiting kan få konsekvensar for verneverdiane, og kan dimed regulerast i landskapsvernområde. Der er heller ikkje her stilt krav om at det må vere naudsynt med regulering.

I naturreservat skal det mindre til for at nye friluftaktivitetar ikkje kan utøvast. Her kan som sagt all ferdsel forbys dersom ferdsla kan skade naturverdiane.

³¹ Dannevig(2010)s. 61 og 74f

³² Dannevig(2010)s. 74f

³³ Ot.prp. s. 411

Mange naturreservat blir verna for å betre levevilkåra for fuglar. I enkelte slike område kan all ferdsel vere til skade, og spesielt enkelte tider av året. Det kan då leggest ned forbod mot all aktivitet som kan gå utover fuglane, til dømes forbod mot vatnsportaktivitetar, å gå iland med båt og klatring. Eit døme på dette er fuglefredingsområde på Jæren , der det er gitt forbod mot seglbrett og bølgesurfing.³⁴ Hekking, myting og overvintring kan bli forstyrra i slike område.

Hardangervidda og Dovre og Rondane er ynda stader for skisegling og kiting. Kiting er ein arealkrevande aktivitet, som kan forstyrre reinen i området.³⁵ Difor kan det innførast totalforbod mot kiting og skisegling.³⁶ Hundekjøring er og ein type aktivitet som er svært arealkrevande. Både ved kiting/skisegling og hundekjøring kan ein ta seg inn i område der få som ferdast til fots når.

I ei verneforskrift kan det settast restriksjonar på terrengsykling. Sykling på veg vil i liten grad føre til lite slitasje, men sykling ute i terrenget kan føre til skader på vegetasjon. Sykling er difor i mange verneforskrifter avgrensa til vegar og sleper, sjå til dømes verneforskrift for Hardangervidda § 4 punkt 4.5.1 som uttrykkeleg gjer sykling utanfor godkjende traktorsleper og Tinnhølvegen forbode.³⁷

Grottevandring foregår i grotter i Nord-Trøndelag, Nordland og Troms. Slik vandring skjer og i verna område.³⁸ Ein del av desse er sårbare for ferdsel. Der det er fare for at grottene kan bli øydelagte på grunn av slitasje og inngrep kan det innførast forbod mot denne ferdselen.³⁹

³⁴ Forskrift 12. Desember 2003 nr. 1675 om vern av Jærstrendene landskapsvernområde § 3 b 6 d

³⁵ Andersen og Hustad 2004 s.54, Dannevig (2010) s 31f

³⁶ I forslaget til forvaltningsplan for Rondane og Dovre er kiting forbode, men skisegl kan brukast etter kvista løype. Sjå nettsida til fylkesmennene i Oppland og Hedmark

³⁷ Dette svarer til reglane i friluftsløva

³⁸ Til dømes Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark

³⁹ Nettsidene til Norsk grotteforbund

Naturfotografering kan og betraktast som ein ny friluftaktivitet. Naturfotografering er stort sett lite påtrengande for omgjevnadene, men kan vere naudsynt å regulere i verneområde då fotograferinga kan rette seg mot sjeldent og sårbart dyreliv.⁴⁰

Enkelte av desse andre formene for ferdsel krev visse naturinngrep, som til dømes plassering av boltar, bygging av hopp, rydding av plassar der ein kan lette med hanglider, utgraving av elveløp for å gjere elva meir egna for rafting og elvepadling. Dette er inngrep verneområda skal vere verna mot i forskrifta.⁴¹

Der ferdsla foregår enkeltvis er moglegheitene mindre for å skade verneverdiar. Men med ein gong aktivitetar blir organisert og mange personar deltek blir faren for at naturen lid skade auka. Enkelte verneforskrifter krev difor at det må gis løyve for å kunne drive turlagsverksemd eller naturguiding i sårbare, sjå verneforskrifta for Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark § 4 punkt 6.1. tredje ledd.⁴² Det blir då opp til fylkesmannens vurdering om slike friluftaktivitetar kan utøvast.⁴³

Konklusjonen er at andre former for friluftsliv, og spesielt ”nye” former for friluftsliv kan regulerast i verneområde. Fleire av desse aktivitetane treng ikkje å vere skadelege for naturen, men kan likevel vere forbode etter verneforskrifta for det enkelte verneområdet.

2.2.3 Friluftsliv for menneske med ei form for funksjonshemming

Mange menneske har ei funksjonshemming eller kan av andre grunnar ikkje gå langt til fots. Spørsmålet her er om friluftsliv for denne gruppa kan avgrensast i verna område.

Menneske som sitt i rullestol eller på andre måtar har vanskeleg for å gå er avhengige av tilrettelegging i form av motoriserte framkomstmiddel eller tiltak som gjer det mogleg for rullestolbrukar å ta seg fram.

⁴⁰Dannevig (2010) s.53

⁴¹ Dannevig(2010)s. 10

⁴² Verneforskrift for Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark

⁴³ Sjå meir om dette i kap 2.3.5

I utmark er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode. Det følger av motorferdselslova § 3. Spørsmålet er så om det kan vere ytterlegare restriksjonar i verneområde for motorisert ferdsel.

Det følger av § 35 i naturmangfoldlova at ”verneforskrifta skal verne landskapet mot utbygging, anlegg, forurensing og annan aktivitet som kan skade formålet med vernet, og sikre en uforstyrta oppleving av naturen”. Vernet mot utbygging og anlegg fører til at tilrettelegging for framkomst for rullestolbrukarar ikkje lar seg gjennomføre.

For å sikre ei uforstyrta oppleving av naturen må det i verneforskrifter må settast forbod eller leggst store avgrensingar på motorisert ferdsel. I tillegg til at ferdsel i utmark ikkje er tillate, vil ferdsel på veg og traktorveg vere underlagt restriksjonar.⁴⁴

Etter § 36 landskapsvernområde 2. ledd femte punktum kan motorisert ferdsel regulerast. Ein viktig kvalitet ved eit naturområde er at det er stilt og roleg, utan bråk frå motorkjøretøy eller fly. Difor vil det i dei fleste landskapsvernområda vere forbod mot motorisert ferdsel.⁴⁵

I naturreservat kan all motorisert ferdsel forbys jf § 37.

Folk med ei funksjonshemming er stort sett avhengig av motorisert transport for å nå turmål i eit verneområde. Unntak frå hovudregelen i verneforskrifter om at motorferdsel er forbode gjeld ikkje persontransport, derfor må det gis dispensasjon etter den generelle dispensasjonsregelen.⁴⁶

Alternativ på sommars tid er hestetransport, men slik form for transport kan det og vere sett restriksjonar på, og hestetransport er heller ikkje tilgjengeleg alle stader det kunne vere ønskeleg. På vinteren kan det vere lettare å få løyve, då snøskuter ikkje skadar terrenget slik motorkjøretøy til bruk om sommaren kan gjere.

Praksisen for å gi dispensasjonar frå er forbodet mot motorisert ferdsel er ofte streng, og det blir normalt ikkje åpna for motorisert ferdsel i form av persontransport eller transport av bagasje, men det fins unntak. Ved turisthyttene Memurubu og Glitterheim i

⁴⁴ Sjå verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 punkt 5.1

⁴⁵ Sjå verneforskrift for Sylan landskapsvernområde § 3 punkt 5.1 der det står at ”motorferdsel til lands og til vanns er forbudt, herunder start og landing med luftfartøy”

⁴⁶ Sjå t.d. verneforskrifta for Hardangervidda § 5

Jotunheimen, er det er gitt dispensasjon til persontransport av rørslehemma og eldre.⁴⁷ For Rondane nasjonalpark er det gitt dispensasjon for ein årleg busstransport for bebuarar på ein alders- og sjukeheim inn i nasjonalparken.⁴⁸

For Skarvan og Roltdalen nasjonalpark er det i verneforskrifta åpna for at forvaltningsstyresmaktene kan gi løyve til bruk av beltekjøretøy på snødekt mark for transport av funksjonshemma som skal til eiga hytte eller sæter.⁴⁹

Konklusjon her er at friluftslivsmoglegheitene for rullestolbrukarar og andre som er dårlege til beins kan avgrensast i eit verneområde. På grunn av restriksjonar på motorisert ferdsel og tilrettelegging er moglegheitene til friluftsliv mindre i eit verneområde.

2.2.4 Jakt og fiske

Jakt, fangst og fiske er ikkje ein del av allemannsretten, men dette er ein viktig del av det tradisjonelle norske friluftslivet. Problemstillinga her er om jakt og fiske kan avgrensast i eit verneområde.

Det er grunneigar som etter hovudregelen har rettane til jakt og fangst jamfør viltlova § 27. Jakt for andre enn grunneigar må avtalast direkte med grunneigaren eller med eit grunneigarlag. Det følgjer av lakse- og innlandsfiskelova §§ 16 og 17 at det hovudsakleg er grunneigaren har retten til fiske på sin eigedom. I saltvatn er det i utgangspunktet åpent for alle å fiske.⁵⁰

For nasjonalpark går jakt og fiske under ”annen aktivitet” som landskapet kan vernast mot jamfør naturmangfoldlova § 35. Om jakt og fiske skal tillastast kjem an på verneformålet for nasjonalparken. I enkelte nasjonalparkar er ein del av formålet med vernet at området skal få utvikle seg fritt. Då vil det kunne settast restriksjonar på jakt og fiske. I enkelte nasjonalparkar er det innført restriksjonar på jakt i delar av det verna område. Til dømes er det i delar av øvre Pasvik nasjonalpark, og delar av Øvre Dividal nasjonalpark lagt ned forbod mot all jakt. I Børgefjell nasjonalpark er jakt lov etter

⁴⁷ NOU 2004:28 s.366f. Verneforskrift for Jotunheimen § 3 punkt 5.3.4 og §4 unntak i særskilte høve, DN-utredning 4 2003 side 28f

⁴⁸ Nettsidene til fylkesmannen i Oppland og Hedmark

⁴⁹ Verneforskrift for Skarvan og Roltdalen § 3 punkt 6.3 bokstav f

⁵⁰Falkanger (2002) s.414f

reglane i viltlova, med unntak for eit jaktforbod på elg innafør den opprinnelege nasjonalparken.⁵¹

I landskapsvernområde kan pågåande verksemd fortsette dersom ikkje det endrar landskapets særpreg eller karakter vesentleg jamfør naturmangfoldlova § 36 andre ledd. Jakt og fiske vil ikkje gjere det, og er difor tillate i landskapsvernområde. I naturreservat kan jakt og fiske forbys, dersom det kan forringe verneverdiane i naturreservatet, jamfør § 37 tredje ledd.

Dersom verneforskrifta ikkje regulerer jakt og fiske, er det tillate med gyldig jakt- eller fiskekort.

I verna område er det i utgangspunktet ikkje tillatt med motorisert transport, heller ikkje i samband med jakt og fiske. Motorisert transport kan vere naudsynt for å frakte ut skote storvilt, og det kan vere fastslått i verneforskrifta at dette er tilate eller at det kan gis dispensasjon til dette.⁵²

Både jakt og fiske kan vere ein føresetnad for å ta vare på verneverdiane, av di bestandane kan bli for store. Bestandavgrensing kan vere naudsynt både av omsyn til dyra og fuglande det blir jakta på, fisken det blir fiska etter og for vegetasjonen, og jakt og fiske bør difor ikkje avgrensast utover det strengt nødvendige.

Konklusjonen her er at jakt og fiske kan avgrensast i eit verneområde, men det berre dersom jakta eller fisket strir mot verneformålet. Det er berre unntaksvis at jakt og fiske kan avgrensast. Dersom motorisert transport er naudsynt, kan dette vere avgrense storviltjakt eller der det er snakk om store fangstar.

2.2.5 Organisert friluftsliv

Spørsmålet er her om ferdsel i større grupper kan avgrensast i eit verneområde.

Organisert friluftsliv kan vere turar i regi av organisasjonar, institusjonar, bedrifter, skuleklassar, store familiar på tur og liknande. Aktivitetane er ofte gjort klare på

⁵¹ Børgefjell forskrift 3.2b, Øvre Pasvik § 3 punkt 3.2 a, Øvre Dividal § 3 punkt 3.2 a,

⁵² Verneforskrift for Børgefjell § punkt 6.3 h er det tillatt å frakte ut elg med beltegåande elgtrekk
Verneforskrift for Hardangervidda gir rett til å frakte ut felt villrein § 4 punkt 4.6.2 bokstav a

førehand. Organiserte ferdsel og andre friluftslivsaktivitetar er ofte kommersiell verksemd, der folk kan melde seg på og turen kostar pengar.⁵³

Det går fram av § 10 i friluftsløva at friluftsmøte, idrettsstevne og liknande samankomst som kan medføre nevneverdig skade eller ulempe, kan ikkje haldast utan samtykke av eigar eller brukar. Dette gjeld og i verna område. Spørsmålet er om det kan settast ytterlegare restriksjonar i verneforskrifter.

Det følgjer av naturmangfoldlova at det kan settast restriksjonar på organisert friluftsliv i verneforskriftene for nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat. Sjølv om ferdsla foregår til fots, kan organiserte turar føre til meir slitasje på vegetasjon og større forstyrring på dyreliv enn enkeltvis ferdsel gjer, og dimed utgjer eit større trugsmål mot verneverdiane. For nasjonalpark går difor organisert ferdsel under ”annen aktivitet” som verneforskrifta kan verne landskapet mot jamfør § 35 andre ledd. Organisert ferdsel i landskapsvernområde kan og regulerast jamfør § 36 andre ledd. I naturreservat kan all ferdsel forbys, også organisert ferdsel jamfør § 37 tredje ledd.

Organiserte turar i grupper krev meir av aktsemda til deltakarane, og desto meir krevjast det der ferdselen foregår i verna område. Organisert ferdsel innebær ein større risiko for verneverdiane enn enkeltvis ferdsel. Difor kan det verenaudsynt med restriksjonar på organisert ferdsel utover det som følgjer av friluftsløva.

Der ferdselsforma kan skade naturverdiane kan det verre sett krav om løyve.⁵⁴ I verneforskrift kan det og vere forbod mot organisert ferdsel i eit visst tidsrom, til dømes som i Børgefjell er all organisert ferdsel som foregår mellom 20. juni og 31 juli forbode, dersom denne ferdsla kan skade naturmiljøet. Dersom det skal foregå organiserte aktivitetar i denne perioden må det vere innvilga dispensasjon.⁵⁵

Spørsmålet så om kva friluftsliv som kan skade naturverdiane. I verneforskrifter der det trengs løyve for å drive organisert ferdsel, er det vanlegvis gjort unntak for vanleg turverksemd til fots som foregår i grupper i regi av turistforening, skule, barnehagar,

⁵³ Sjå om organisert friluftsliv i kommersiell forstand under 3.2.1 om reiselivsverksemd

⁵⁴ Sjå verneforskrift for Forollhogna punkt 4.2, Femundsmarka § 3 punkt 4.2

⁵⁵ Forvaltningsplanen for Børgefjell/Byrkij s.34 .Verneforskrift for Børgefjell 29.08.2003 nr.1101 § 3 punkt 5.4 første ledd og § 4 I dette tidsrommet er det hekke- og yngletid for ei rekke sårbare artar som jaktfalk og fjellrev.

ideelle lag og foreingar, slik at den kan skje utan løyve frå forvalningsmyndighetene.⁵⁶ Dette er ikkje sett på som ferdsel som vil vere til skade for naturen i verneområdet. Derimot vil anna former for friluftsliv skade naturverdiane, og særleg dersom det skjer i organiserte former. Terrengsykling, riding, hundekjøring og kiting har desto større moglegheiter for å skade vegetasjon og forstyrre dyreliv. Kravet om løyve vil spesielt gjelde kommersiell organisert ferdsel, der ferdsla i tillegg skjer oftare.

I verneområde kan det bli fastslått at idrettsarrangement, jaktprøver og liknande ikkje skal leggest innanfor verneområdet eller at dette krev godkjenning frå forvaltningsstyresmakta.⁵⁷ Slike arrangement kan føre til skade på verneverdiane.

Konklusjonen her er at organisert ferdsel kan avgrensast i eit verneområde. Organisert ferdsel kan føre til slitasje og forstyrring på verneverdiane, og difor vere i strid med verneformålet.

2.3 Konklusjon

I kapittel 2 har eg sett på korleis det er at eit område er verna kan få konsekvensar for moglegheit til friluftsliv.

Når eit område blir verna kan reglar i verneforskrifta føre til at allemannsretten blir innskrenka i form av restriksjonar på ferdsel. Dette får konsekvensar for friluftslivet som blir utøva i verneområdet.

For ferdsel til fots kan ferdselsrestriksjonar føre til at det er forbod i enkelte område visse tider på året, men anna enn det er det lite som avgrensar ferdsel til fots. I enkelte område er det lite tilrettelagt for fotturistar, og dette kan også avgrense ferdsla til fots. På anna former for friluftsliv kan avgrensast i langt høgare grad enn ferdsel til fots kan. Særleg dei nye formene for friluftsliv, som kan kreve store areal fører til forstyrningar for dyr. Dette hindrar naturopplevingar for mange som ellers kanskje ikkje ville ha drive med friluftsliv. Aktivitetar som kan skade verneverdiane ved ferdsel bør ikkje vere tillate, men der dei ikkje kan vere til forstyrning for dyr eller kan øydelegge vegetasjon bør det vere tilate å drive med andre aktivitetar enn ferdsel til fots.

⁵⁶ Sjå verneforskrifta for Forollhogna § 3 punkt 4.2

⁵⁷ Til dømes verneforskrifta for Jotunheimen § 3 punkt 6.1

I eit verneområde er det vanskeleg for rullestolbrukarar og andre som er dårlege til beins å drive friluftsliv. Motorferdsel og anna tilrettelegging vil vere forbode.

Vernereglement er i dei fleste tilfella så strenge at dei ekskluderer i dei fleste tilfella funksjonshemma å bruke områda til friluftsliv. Det er få moglegheiter til friluftsliv i verneområde dersom det ikkje er tilrettelagt for det før området vart verna.

Jakt og fiske er ikkje underlagt store restriksjonar, men i enkelte område er det forbode med enkelte typar jakt. Restriksjonar på bruk av motortransport kan føre til at det blirproblematisk å komme seg inn i enkelte område og det er vankeleg å frakte ut fangst. Ferdsel i større grupper vil føre til større slitasje på vegestasjon og forstyrring av dyreliv, og dimed vere eit trugsmål mot verneverdiane.

3 Næringsverksemd i verna område

3.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg ta for meg korleis moglegheitene for næringsverksemd kan bli avgrensa i eit verneområde. Eg skal ta for meg korleis restriksjonane får konsekvensar for eksisterande næringsverksemd og korleis restriksjonane får betydning for utvikling av ny næringsverksemd.

Eg definerer næringsverksemd som alle former for verksemd der varer eller tenester blir ytt mot pengar. Dette inneber både kommersiell og ikkje-kommersiell/ideell og verksemd. Eg skal ta for meg både næringsverksemd i verneområda og næringsverksemd i tilknytning til verneområda.

Eg ta for meg primærnæringar og naturbaserte verksemdar.

I kraft av å eigedomsretten har grunneigarane særlege rettar overeigedommen sin og moglegheit for å drive næringsverksemd på den.⁵⁸ Når eit område blir verna mister ikkje grunneigaren rådigeita over eigedommen. Men når utmarka blir verna blir handlingsrommet for kva næringsverksemd som kan drivast der og kva næringsverksemd som kan utviklast endra. Som oftast er det mange restriksjonar på ulike aktivitetar og tiltak. I verna område blir restriksjonar bestemt av verneforskrifter, forvaltningsplan og dispensasjonspraksis.

Om det kan drivast næringsverksemd av andre enn grunneigaren skal eg sjå på i 3.2.1.

Områdevern kan føre til utvikling av næringsliv fordi at naturen blir verna.

Vern sikrar ei langsiktig bevaring og forvaltning av området, slik at dei opplevings- og aktivitetskvalitetane i området ikkje går tapt. I verna område er det først og framst reiseliv og turisme som kan utviklast, men og andre typar verksemdar. Vernet er viktig for at mange naturområda blir sikra for framtida. Naturopplevingar vil ikkje bli mindre ettertrakta, og det er viktig for framtidig næringsverksemd basert på turisme at naturverdiane ikkje blir øydelagde.

⁵⁸ Falkanger(2002) s.

Næringsutvikling i fjellområde, inkludert verna område har i det siste åra fått auka fokus. I St prp. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet), den såkalla fjellteksten, gjekk regjeringa inn for auka bruk til næringsverksemd i utmarka og fjellet, og særleg i verna område. For å auke turistmessig bruk av verneområde vart kommersiell og ikkje-kommersiell verksemd i nasjonalparkar sidestilt. Forbodet mot kommersiell turisme som var gjeldande i dei tre nasjonalparkane Jotunheimen, Reisa og Saltfjelltet/Svartisen vart oppheva. Det er framleis eit nasjonalt mål at nasjonalparkar og andre verneområde skal brukast til næringsverksemd.⁵⁹

3.2 Vern som avgrensar næringsverksemd

Det eg nærare skal drøfte i det følgande er korleis kan vern av eit område avgrense eksisterande næringsverksemd, og korleis kan avgrense utvikling av ny næringsverksemd.

Restriksjonar på bruk i verna område har sitt grunnlag i at aktivitet ikkje må stride mot verneformålet. Aktivitetar som skader eller har skadepotensiale, jfr føre-var-prinsippet kan forbys, settast krav om løyve, meldeplikt eller andre restriksjonar for å kunne utføre. Bruk som ikkje er i strid med verneformålet skal i utgangspunktet vere tillatt.

I mange tilfelle er det sett restriksjonar før eit område blir verna i form av arealplan og kommuneplan etter plan- og bygningslova eller anna lovverk, men eit vernevedtak gjer at restriksjonane gjerne blir strengare og dei er varige.

I det følgande skal eg ta for meg ulike former for næringsverksemd som kan vere aktuelle i ulike verneområde, dersom naturforholda ligg til rette for det.

3.2.1 Reiselivsverksemd

I norske verneområde er det store moglegheiter for reiselivsverksemd av ulike slag. I eit område som er verna er naturverdiane sikra for framtida, og det kan difor brukast til

⁵⁹ St. prp. Nr. 65 2002-2003 s.150

ulike reiselivsverksemdar. Her er problemstillinga korleis vern får betydning for reiselivsverksemd.

Med reiseliv meiner eg her aktivitetar som har grunnlag i og er basert på opplevingar og aktivitetar i naturen. I kraft av den private eigedomsretten kan grunneigar drive med reiselivsverksemd og turisme. Spørsmålet er om andre enn grunneigar kan drive med organiserte aktivitetar for folk på anna manns eigedom.

Ordlyden i friluftsløva 2 og 3 og vassdragslova § 16 gir ”enhver” rett til å bruke framand eigedom for ferdsel. Ordet ”Enhver” innebær alle fysiske personar, men ikkje foretak. Ein må difor gå til andre rettskjelder for å finne ut om ein grunneigar i kraft av eigedomsretten kan forby verksemdar å organisere almentas ferdsel.⁶⁰

Friluftsløva fastslår at friluftsmøte og idrettsstevne og liknande samankomst som kan medføre nevneverdig skade eller ulempe, kan ikkje haldast utan samtykke frå eigar eller brukar. Her blir ikkje kommersiell organisering nevnt, og der tålegrensa ikkje blir overskride blir heller ikkje regulert. Formålsparagrafen i friluftsløva tilseier at skal det skal vernast om det miljøvennlege og tradisjonelle friluftslivet, og dette kan vere vanskeleg å sameine med kommersielle aktørars ønske om overskot i rekneskapane. På den andre sida kan organisert kommersiell ferdsel føre til at fleire får moglegheit til friluftsliv som er helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg.

Under behandlinga av formålsparagrafen fremma mindretalet eit forslag om det skulle tas inn i formålsparagrafen at allemannsretten skal vere ein individuell rett og at det ikkje var høve til kommersiell organisering av ferdsel utan grunneigars samtykke. Dette vart det ikkje fleirtal for.⁶¹ Det fins ikkje prejudikat som avgjer dette spørsmålet.⁶² Det er heller ikkje juridisk teori å snakke om. Når øvrige rettskjelder er så usikre må dette avgjerast utifrå reelle omsyn.

Til fordel for at ervervsmessig utnytting av eigedomsretten krev løyve frå grunneigar talar for det første omsynet til den private eigedomsretten. At kven som helst kan drive kommersiell organisering av friluftslivaktivitetar vil vere eit stor inngrep i den private eigedomsretten, som kan verke urimeleg, særleg der grunneigar sjølv vil drive ei

⁶⁰ Bjørnevik(1999)s. 196f

⁶¹ Ot.prp nr. 27(1995-1996) Om lov om endringar i lov av 28.juni 1957 nr. 16 om friluftslivet

⁶² Bjørnevik(1999) s. 204f

konkurrerende verksemd eller dersom den kommersielle verksemda går utover anna bruk for grunneigar. Det er lite rimeleg at grunneigar må akseptere at kven som helst kan bruke eigedommen hans/hennar i næring. Samstundes trekk omsynet til naturmiljøet i same retning. Organisert friluftsliv fører til større og meir konsentrert belastning på naturen.

Det er stor samfunnsøkonomiske fordelar av kommersiell utnytting av allemannsretten. Naturturisme aukar i popularitet, og dette kan gi fleire arbeidsplassar, skatteinntekter til kommunane og ellers positive ringverknader forlokalsamfunnet. Grunneigarane er ikkje alltid dei beste til å utnytte eigendommen sin, då andre kan sitte på kompetanse som er naudsynt for å utnytte område maksimalt. Friluftsliv er helsebringande, og dersom eit større spekter av aktivitetar fører fleir menneske til friluftslivet er dette utelukkande positivt. Ved at organiserte kommersielle aktivitetar ikkje kan forbys av grunneigar kan fleire oppleve naturen.

Sjølv om omsynet til den private eigedomsretten trekk i retning av at grunneigars samtykke skal vere naudsynt, så har andre reelle omsyn større vekt. Konklusjonen på dette spørsmålet er at kommersiell organisering av allemannsretter er tillatt utan grunneigars samtykke.

Ettersom allemannsretten og gjeld i verna område, kan det organiserast kommersielt friluftsliv også her. Det neste spørsmålet er om det er restriksjonar i verna område som kan avgrense reiselivsverksemdar av ulike slag.

Mange av avgrensingane vernet gir for verksemd er dei same for eksisterande verksemd då vernevedtaket kom i stand og for nyetableringar innafor reiseliv og turisme. Til dømes vil ferdselsrestriksjonar gjelde for både eksisterande verksemd og verksemd som startar opp etter at vernevedtaket er vedtatt. Det er ein samanheng mellom avgrensingar i former for friluftsliv og moglegheiter for næringsverksemd, etter som dei største moglegheitene for næringsverksemd ligg innafor ulike formar for friluftsrretta turisme.⁶³

For verksemdar som driv med verksemd basert på aktivitetar og oppleving er det ofte restriksjonar på ferdsel som hindrar ønskeleg reiselivsverksemd. Dette gjeld i liten grad aktivitetar som inneber ferdsel til fots, men og slik ferdsel kan det vere forbod mot.⁶⁴

⁶³ Sjå om dette i kapittel ferdsel til fots og anna former for friluftsliv

⁶⁴ Sjå meir om dette om ferdsel til fots

Dersom ferdsla er organisert og særleg viss det er i kommersielt augemed kan det vere grunnlag for å kunne slå fast ytterlegare restriksjonar, og dette kan får konsekvensar for næringsverksemd i verneområde.

I ei rekke verneområde er det bedrifter som arrangerer tematurar, der turistar blir tatt med på tur for å sjå på dyre- og planteliv, geologiske eller botaniske forekomstar, som til dømes moskussafari på Dovrefjell og villreinsafari i Forollhogna, fjell-, bre- og klatreguiding på Jostedalsbreen og i Jotunheimen.⁶⁵ Slike turar er ikkje avhengig av mykje tilrettelegging, og går oftast til fots. Men i ei rekkje verna område er det likevel restriksjonar på organisert ferdsel av denne typen, til dømes krav om løyve for kvar tur. Då er det opp til forvaltningsstyresmaktene om blir gitt eller ikkje.⁶⁶ Dette fører til at det er vanskeleg for næringsdrivande å vite kva dei har å forholde seg til.⁶⁷

For andre aktivitetar kan det vere restriksjonar i verneområde som gjer det vanskeleg å bruke slike i kommersiell reiselivsverksemd. Dersom ein aktivitet kan skade formålet med vernet kan verneområdet vernast mot denne aktiviteten, jamfør natumangfoldlova § 35. Ifølgje § 36 kan det gis vernereglar for aktivitetar som ikkje skjer til fots, men dersom aktiviteten ikkje er i strid med verneformålet for landskapsvernområdet kan den fortsette og utviklast. I naturreservat er kan totalfredast mot all ferdsel og tiltak § 37 tredje ledd, dersom dette er naudsynt for at naturverdiane ikkje skal forringast.

Organisert hundekjøring, sykling og riding i verneområdet kan det vere sett restriksjonar på. I mange tilfelle er det gjort klart i verneforskrift at slike aktivitetar i naturen ikkje er lovlege eller krev løyve frå forvaltningsstyresmaktene.⁶⁸ Mange andre av dei nye formene for friluftsliv er det sett restriksjonar på, og dette får betydning for moglegheitene til å bruke slike aktivitetar i næringsverksemd. Mange av desse aktivitetane er både utstyrs- og arealkrevjande, som til dømes kiting, vindsurfing, elvepadling osv.⁶⁹ Dei er ikkje nødvendigvis til skade for miljøet enkeltvis eller i små grupper, men der det skjer i ei kommersiell verksemd vil gjerne dette pågå jamnleg, og då er moglegheiten større for at kan naturen lide skade. Særleg er moglegheiten stor for

⁶⁵ www.forollhogna.no, www.naturopplevingar.no, www.nordfjord.no, www.rondane-dovrefjell.no

⁶⁶ Til dømes verneforskrift for Forollhogna § 3 punkt 4.2 andre ledd.

⁶⁷ Sjå avsnitt om organisert ferdsel

⁶⁸ Sjå avsnitt om andre former for friluftsliv

⁶⁹ Sjå om dette i avsnitt om andre friluftaktivitetar

at verneverdiane lid skade der den er spesielt sårbar, som til dømes områda villreinen ferdast i på Hardangervidda og i Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark.⁷⁰

I mange reiselivsverksemdar det er bruk for transport av varer og utstyr og folk. Reiselivsverksemda kan vere avhengig av denne motoriserte ferdsla for å i det heile tatt kunne drive verksemda. Motorisert ferdsel er forbode også for reiselivsverksemd. Frå forbodet mot motorisert ferdsel kan det mogleg å få løyve til å kunne bruke motoriserte framkomstmiddel, men praksisen for dette varierer frå verneområde til verneområde, og det er eit ofte uttalt mål at motorisert ferdsel skal haldast på eit minimum.⁷¹ For etablerte næringar bør det vere lettare å få høve til å bruke motoriserte kjøretøy.

Motoriserte framkomstmiddel(småfly, helikopter, terrengmotorsykkkel) er og mogleg å tilby turistar å kunne bruke for å sjå naturen. Slik ferdsel kan føre til store forstyrningar for dyr og øydelegging av vegetasjon. Motorisert ferdsel for å frakte turistar rundt i området kan difor ikkje finne stad.

Ulike aktivitetar i næringssamanheng krev ulik grad av utstyr, tilrettelegging og tekniske installasjonar. Dette er inngrep området skal vernast mot. Der verksemda er avhengig av dette, vil det vanskeleggjere verksemda. Der slikt fins i området før området vart verna er moglegheitene for næringsverksemd difor betrakteleg større, då det er sjølve inngrepa som er forbode.⁷²

Forbodet mot oppføring av nye bygg og endring av eksisterande bygg sett avgrensingar for næringsdrift basert på turisme. Nye bygg er stort sett uaktuelle å få løyve til for nye næringar i som ikkje var representert i verneområdet før det vart verna. Dette kan få som konsekvens at næringsverksemda ikkje er mogleg eller blir betrakteleg vanskelegare å drive.

Norske verneområdar har generelt liten grad av tilrettelegging for turistar. Dersom dette er ein føresetnad for å kunne byrje med reiselivsverksemd vil ikkje dette vere gjennomførbart. Men samstundes kan denne mangelen på tilrettelegging vere eit fortrinn i forhold til enkelte typar turistar.

⁷⁰ Andersen og Hustad(2004)

⁷¹ Sjå verneforskrift for hardangervidda § 4 punkt 4.6 første ledd

⁷² Dersom bruken kan vere skadeleg for verneverdiane kan denne regulerast

Konklusjonen her er at konsekvensane av vern er ulike alt ettersom kva aktivitet og typar ferdsel aktivitets- og opplevingsverksemda går ut på. Restriksjonar på ferdsel avgrensermoglegheiten til å drive med dette innafør verneområdet. Byggeforbod og restriksjonar på bruk av motortransport avgrenser og gjer verksemda vanskeleg, både for eksisterande verksemd og for nyetableringar innanfor denne type verksemd. Sjølv om mange av reglane slår likt ut for både ny og gamal verksemd, er det vanskelegare for ny verksemd dersom drifta er avhengig av bygg og installasjonar inne i verneområdet.

3.2.2 Turistforeningsdrift og anna overnattingsverksemd

Her skal eg sjå på om vern av eit område kan avgrense turistforeningsdrift og anna overnattingsverksemd.

I mange av verneområda i Noreg ligg det turistforeningshytter. Mange av dei mest kjende turisthyttene i Noreg ligg i nasjonalparkar i Sør- Noreg, som til dømes Jotunheimen, Rondane og Hardangervidda. Den norske turistforening har eit nettverk av hytter og merka stier verna område, særleg i nasjonalparkar.

Der eit område blir verna kan det innførast reglar for bruken i område som kan få konsekvensar for turisthyttedrifta som eksisterar der før vernevedtaket kom i stand. Kor vidtgåande restriksjonane blir er avhengig av kva verneform som blir vald og verneverdiane i området.

Turisthyttedrift kan vere ei anna aktivitet landskapet skal vernast mot, jamfør § 35. Dersom drifta kan vere til skade for verneformålet i eit område det innførast restriksjonar.

Det følger av naturmangfoldlova 36 andre ledd andre punktum at pågande verksemd kan fortsette og utviklast, såframt det ikkje bidreg til at landskapets særpreg eller karakter blir endra vesentleg. Sjølve drifta av ei turisthytte vil ikkje gjere dette.

Det følger av naturmangfoldlova § 37 at dersom det er fare for at naturverdiane kan lide skade, kan det totalfredast mot all verksemd, tiltak og ferdsel. Her er det større åpning for innføre restriksjonar som kan få konsekvensar for drifta.

I verneområde der det blir drive turistforeningsdrift er det ofte i verneforskrifter gjort fleire unntak frå hovudreglane slik at turistforeningsdrifta kan fortsette sjølv om området er verna.

Dersom det er naudynt for verneverdiane kan det bli bestemt at turisthytte eller anna hytte som tilbyr overnatting må legge ned drifta. Dette kan vere aktuelt der turisthytta ligg i eit naturreservat, men det kan og skje i ein nasjonalpark. For å kunne avgjere at turisthytte skal leggest ned må det vere klart at verneverdiane ikkje lar seg verne på anna måte enn ved å legge avslutte drifta. Reelle omsyn tilseier at terskelen for dette må vere høg, og anna tiltak bør vurderast, som til dømes kanalisering av ferdsel og restriksjonar på når hytta kan vere åpen.

Der ei turisthytte er foreslått å ligge innafor eit naturreservat er det betre om hytta og tomte rundt blir vern etter ein anna vernekategori som ikkje vil innebære så store restriksjonar på aktivitet og tiltak som drifta er avhengig av.⁷³

Sjølv om ikkje eit vernevedtak endrar føresetnadene for sjølvve drifta, er det andre restriksjonar fastsett i ei verneforskrift som kan gjere det.

Forbod mot motorisert ferdsel kan vanskeleggjere turistforeningsdrift og anna overnattingsverksemd. Kor strengt dette forbodet er varierer frå verneområde til verneområde, og om det er vegar det kan transporterast mat og anna utstyr på. For at turisthyttedrift skal kunne drivast må det nødvendigvis vere mogleg å nytte motoriserte kjøretøy for å frakte matvarer og utstyr.

I dei fleste tilfella vil det vere gjort unntak frå hovudregelen om at motorferdsel er forbode for at turisthyttene og andre som driv med overnattingsverksemd. Dette må det vere moglegheiter til for at drifta skal kunne drivast vidare anten ved å gi ein generell rett til motorisert ferdsel eller ved at det kan søkast om løyve frå gong til gong.

Frå forbodet mot tekniske inngrep i landskapet, deriblant å sette opp nye bygg og anlegg eller utviding og ombygging av desse, er det ofte gjort unntak for turisthytter, typisk 1.1 i forskrifta for Jotunheimen nasjonalpark. Her kan forvaltningsstyresmaktene gi løyve til utviding eller ombygging av eksisterande turisthytter og til bygging av

⁷³ I Trollheimen ligg Trollheimshytta i eit naturreservat, men hytta og tomte er likevel verna som landskapsvernområde. Sjå verneforskrift for Trollheimen og Svartådalen

innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken.⁷⁴ Men utviding og ombygging vil kunne føre med seg ferdsel som kjem i konflikt med verneformålet. Sjølv om verneforskrifta åpnar for dette, er det ikkje sikkert løyve blir gitt.

Det er større restriksjonar på etablering av ny verksemd enn det er på eksisterande verksemd. For å kunne byrje overnattingsverksemd for fotturistar og andre må det bygningar til. Dersom ikkje desse fins frå før, vil restriksjonane på bygg i nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat sette ein effektiv stoppar for utvikling av ny verksemd. Der DNT-hytter ikkje fins i området før vernevedtaket kom i stand, blir det altså i utgangspunktet ikkje innvilga løyve til å bygge nye hytter. I

landskapsvernområde kan skal nye tiltak tilpassast landskapet, men bygging av hytter vil endre landskapets særpreg eller karakter, særleg dersom det ikkje fins bygningar i området frå før.

Det har vist seg at dersom styresmaktene vil, kan ei verneforskrift endrast for å gi høve til både og drive og utvide turisthytte. Turisthytta Snøheim som ligg i Sunndalsfjella-Dovrefjell nasjonalpark vart overtatt av den norske turistforening hausten 2007 då forsvaret trakk seg ut av Dovrefjell.⁷⁵ For å utvide hytta vart verneforskrifta endra.⁷⁶

Konklusjon er her at i eit verneområde kan turisthyttedrift avgrensast dersom er i strid mot verneformålet. Men dette bør av omsyn til dei som driv turisthyttene og av omsyn til friluftslivet ikkje gjerast, og andre tiltak bør nyttast. Restriksjonar på motorisert ferdsel i eit verneområdet kan gjere det vanskelegare å frakte varer og naudsynt utstyr. Oppstart av ny turisthyttedrift er mogleg der det fins passande hus til det, men det er opp til styresmaktene å avgjere.

3.2.3 Landbruk

Problemstillinga her er om det er restriksjonar i eit verneområde som kan avgrense landbruksdrift.

⁷⁴ Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark

⁷⁵ Nettsidene til Den norske turistforening <http://www.turistforeningen.no/snoheim>

⁷⁶ Foreninga Bevar Dovrefjell mellom istidene gjekk til sak mot staten på grunn av at DNT fekk utvide. Dei tapte i Tingretten. Saka vart anka, og eg ikkje avgjort i lagmannsretten.

Det er ikkje aktiv seterdrift i nokon av nasjonalparkane. I mange landskapsvernområde derimot er det drive utstrakt landbruksverksemd i form av stølsdrift og beitebruk.⁷⁷ Det følgjer av naturmangfoldlova § 36 andre ledd at pågåande verksemd kan fortsette og utviklast. Men det kan ikkje settast i verk tiltak som kan endre landskapets særpreg eller karakter. Dette innebær at det tradisjonelle landbruket kan fortsette etter eit område har vorte verna. Landbruksdrifta som skjer i norske verneområde er stort sett miljøvennleg, og vil stort sett ikkje vere eit trugsmål mot verdiane som blir verna. Dette bør difor ikkje avgrensast i verneområde.

Eit unntak frå dette er der beitetrykket er for stort og dette går hardt ut over vegetasjonen. Då vil beitet føre til skader på naturmiljøet og må avgrensast.⁷⁸

Som for mange andre former for næringsverksemd som blir drive i eit verneområde sett forbodet mot motorisert ferdsel og forbodet mot å sette opp bygningar avgrensingar for verksemda.

Tradisjonell seterdrift vil kunne drivast i nasjonalpark og landskapsvernområde. Men ofte er det så store restriksjonar på motorisert ferdsel at til dømes seterdrift basert på uttransportering av mjølk eller andre produkt ikkje er mogleg. Det er heller ikkje lovleg å bruke motoriserte hjelpemiddel ved tilsyn og innsamling av anna beitedyr enn rein.

I samband med beiting og gjeting kan det vere behov for hytter eller buer. Dette er i utgangspunktet inngrep det ikkje er høve til, men det kan vere åpent for å gi dispensasjon for bygging av slike. Dette kan vere fastslått i verneforskrifta.⁷⁹

I verneforskrifta til Hardangervidda nasjonalpark er det fastslått at forvaltningsstyresmaktene kan gi løyve til nybygg eller større tilbygg til eksisterande bygningar i særskilte tilfelle i samband med landbruksutnytting § 4 punkt 1.3.⁸⁰

⁷⁷ DN 2008 s. 26 og 34

⁷⁸ Direktoratet for naturforvaltning har i enkelte verneforskrifter fått myndigheit til å regulerer beite, sjå verneforskrifta for Rondane § 3 punkt 2.4, Hardangervidda § 4 punkt 4.3.3., Øvre Pasvik § 3 punkt 2.3, Skarvan og Roltdalen § 3 punkt 2.3

⁷⁹ Forollhogna § 3 punkt 1.3 bokstav c, Femundsmarka § 3 punkt 1.3 bokstav c, Hardangervidda § punkt 1.3

⁸⁰ Verneforskrift for Hardangervidda

Intensivering av driftsformer kan ikkje føre til vesentleg endring av landskapet.

Nydyrking må heller ikkje stride mot naturmiljøet som er verna. Det bør ikkje føre til auka motorferdsel i verneområdet.

Det er ikkje mogleg å starte opp med jordbruksdrift frå botn i eit verneområde. Det er for store restriksjonar på bygging av bygningar for drifta, vegar, oppdyrking av jorda osv. Dette vil vere inngrep som ikkje skal finne stad i eit verneområde. Dersom det berre er snakk om beite vil det vere større moglegheit, særleg i område som er utsett for attgroing. Sauer og geiter på beite kan hindre dette.

Dersom det fins bygningar og det er mogleg å drive, bør det innvilgast løyve til ombygging slik at det kan vere mogleg å med sæterdrift. Men dette forusett at det ikkje vil gå ut over naturen i området rundt.

Konklusjonen er at vern av eit område bør ikkje føre til at det blir lagt avgrensingar på landbruksdrift i form av beiting eller stølsdrift dersom denne ikkje er i strid med verneformålet. Landbruksdrifta i verneområde er dyrevennleg og bærekraftig. Dersom det krev inngrep kan det vere naudsynt med avgrensingar. Intensivering av drifta, nye driftsformer eller nydyrking kan vanskeleg sameinast med vern.

3.2.4 Reindrifft

Spørsmålet her er om reindrifft blir avgrensa i eit verneområde.

I utgangspunktet skulle det bli vanskeleg å drive med reindrifft i verneområde i og med at reindriffta er avhengige av ulike inngrep at motorferdsel er forbode. I dei mange verneområda det blir drive reindrifft må det frå hovudreglane i verneforskriftene gjerast mange unntak til fordel for reindriffta.

Frå forbodet mot motorisert ferdsel som fins i verneforskriftene er det fleire unntak, slik at det er tillate med ulike former for motorisert ferdsel i samband med reindriffta. I kva grad det er høve til å bruke motoriserte kjøretøy blir bestemt i dei ulike verneforskriftene. Beltegåande kjøretøy på vinterstid er generelt tillate, og det kan gis løyve til barmarkskjøretøy til dømes tilsyn, merking, flytting og slakting, og luftfartøy

kan og vere naudsynt.⁸¹ Sjølv om terrengmotersyklar og luftfartøy kan vere godt å ha, bør ein vere forsiktig med dette i eit verna område. Terrengmotersyklar kan etterlate seg djupe spor i terrenget, og luftfartøy er veldig forstyrrande for dyrelivet i området.

Dersom det skal drivast reindrift trengs det ofte nye gjerder, sanketrøer og eller andre anlegg, og dette bør innvilgast dersom det er naudsynt for drifta. Det same gjeld for oppføring av hytter, gammer og liknande i som trengs i samband med oppsynsverksemd og gjeting.

Dersom det skal drivast med reinsdrift er mange av unntaka tilfordel for reindriftnaudsynte for fortsett drift. Det er med få unntak samar i ulike delar av landet som driv med reindrift. Reindriftnaudsynte er ein viktig del og ein føresetnad for den samiske kulturen. Det bør leggast til rette for at den bør å ha gode nok kår, sjølv om drifta skjer innafor eit verneområde.

Reindriftnæringa har i forhold til andre brukarinteresse i verna område mange fordelar, i og med dei mange unntaka det fins i dei ulike verneforskriftene. Restriksjonar som kan settast av Direktoratet for naturforvaltning for anna beiting gjeld ikkje for reinbeite.⁸²

Med dei mange inngrepa som er naudsynte for reindrift og fordi den er avhengig av utstrakt bruk av motoriserte kjøretøy, kan i utgangspunktet ikkje det startast opp med reindrift i eit verneområde der det ikkje har vore det før.

For reindriftnæringa er det eit gode at områda reinen oppheld seg er verna mot inngrep. Men likevel kan reglane vere vanskelege for reindriftnæringa, når det må søkast dispensasjon for å kunne drive reindrift med dei tekniske hjelpemidla som kan brukast i dag. Det er opp til forvaltningsstyresmaktene om søknadane skal innvilgast.

Kommersiell turisme i verna område kan og vere problematisk for reindriftnæringa, då auka tilstrauming av folk kan gjere det vanskelegare for reinen. I nokre tilfelle er ikkje

⁸¹ sjå verneforskrift for Skarvan og Roltdalen nasjonalpark § 3 punkt 6.2 bokstav d, og Sylan

landskapsvernområde 5.2 bokstav d. og § 3 punkt 6.3 bokstav f for Roltdalen og Skarvan nasjonalpark og Sylan landskapsvernområde 5.3 d.

⁸² Etter verneforskrifta for Skarvan og Roltdalen nasjonalpark § 3 punkt 2.3 og Børgefjell 2.4 gjeld ikkje dette for reindriftnaudsynte

alt beitearealet innlemma i nasjonalparken. Dersom vernestatusen til eit område som blir brukt til beite for reinen fører til aukande hyttebygging i randsona og anna bygging for turistane, går dette utover reindriften i området.

Konklusjonen er at reindriften blir avgrensa som følge av at driften skjer i eit verna område. Men for reindriften er det ein del unntak frå dei ulike verneforskriftene, slik at driften kan drivast nesten som normalt. Dei som driv med rein har lov til å foreta inngrep og bruke motoriserte framkomstmiddel i den grad få andre brukarar i eit verneområde kan. Vern av området reinen befinn seg i er dessutan ein fordel for reindriften, sjølv om det sett restriksjonar for bruk.

3.2.5 Fiske og oppdrettsnæring

I fiske og oppdrettsnæring ligg det store verdiar. Spørsmålet her er om vern av eit område kan føre til avgrensingar for fiske i havet, i ferskvatn og for anna havbruk.

Når det gjeld eksisterande næringsfiske kan dette avgrensast i verneforskrift jfr naturmangfollova §§ 35 og 36. I landskapsvernområde kan det forsette dersom det ikkje er i strid med verneformålet. Dersom område det blir fiska i blir verna som naturreservat kan fisket forbys heilt.

Der vern av havbotnen er ein del av formålet, kan dette føre til at det må avgrensast på kva reiskap det kan fiskast med. Det kan til dømes vere naudsynt at det blir innført restriksjonar på bruk av fiskereiskap som blir slept under fiske og som kan røre havbotnen i dei delane av verneområdet der havbotnen er sårbar. Dette kan føre til konsekvensar for enkelte typar fiske, som til dømes trålfiske etter reker, kreps og fisk.⁸³ Dersom ikkje fiske er til skade for verneverdiane på nokon måte, er det lite naudsynt med restriksjonar, og fiske bør forsette som normalt.⁸⁴

For næringsfiske i havet som kjem i gang etter at eit område er verna er det avgjerande om verneverdiane lid skade om fiske skal vere tillate eller ikkje.

⁸³ Sjå for verneforskrift for Ytre Hvaler nasjonalpark § 3 punkt 3.1 bokstav b

⁸⁴ Sjå forskrift for Saltfjellet-Svartisen § 3 punkt 3.2 og 3.3. Tiltak for å fremme fiske kan tillast etter løyve frå forvaltningsstyresmaktene dersom det ikkje strir mot intensjonen ved fredinga

Havbruk i form av oppdrett av fisk kan stride mot verneverdiane. Oppdrettsanlegg er mest aktuelle der det er vern av fuglar som er grunnlaget for vernet, og oppdrettsanlegg kan vere til skade for dei.⁸⁵ Det er og fare for rømming av fisk frå anlegget.⁸⁶

Det kan imidlertid vere av stor samfunnsmessig betydning at det blir drive eit oppdrettsanlegg, sjølv om det kan stride mot verneverdiane, som til dømes for øygruppa Froan utanfor Frøya i Sør-Trøndelag. På tross av at Froøyane er verna som landskapsvernområde og naturreservat og har status som Ramsar-område har det vore drive oppdrett her sidan 2000.⁸⁷ Her er det ei vurdering om kva som skal gå foran av omsynet til naturverdiane eller om det er omsynet til dei som bur på Froan og kjenner seg avhengige av at det blir drive med lakseoppdrett her.

Ny oppdrettsverksemd for fisk bør ikkje finne stad i eit verneområde. Det vil kreve inngrep i naturen som ikkje bør vere i eit verneområde. Eit oppdrettsanlegg kan vere øydeleggande for verneverdiane. Det er difor ofte stadfesta i verneforskrifta at ingen form for havbruk er tillatt innafør verneområdet.⁸⁸ I landskapsvernområde bør det vere større åpning for havbruk, men må verksemda kunne drivast utan store inngrep i naturen, til dømes kan oppdrettsanlegga vere flytande og mobile utan fortøyning til land.⁸⁹

For innlandsfiske er det ikkje sett restriksjonar som følge av eit vernevedtak.⁹⁰ Men i utgangspunktet vil vern avgrense mogleg utøving av næringsfiske. Det kan til dømes vere naudsynt med motoriserte kjøretøy for å få fisken ned frå området den er fiska, og dersom dette er eit verneområde vil det vere restriksjonar bruk av motoriserte framkomstmiddel. Det kan og vere behov bygg til bruk i samband med slakting av fisken og lagring inne i det verna område. Dette vil det og vere restriksjonar på.

⁸⁵ Verneforskrift for Froan landskapsvernområde punkt II

⁸⁶ Avisartikkel i Adressavisa

⁸⁷ Verneforskrift for Froan landskapsvernområde. Nettsidene til fylkesmannen:

<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=4153&amid=2975558>

<http://www.forskning.no/artikler/2010/februar/241380>

⁸⁸ Sjå verneforskrifta for Ytre Hvaler § 3 punkt 1.1 bokstav a. Det er ikkje åpna for oppdrett i nasjonalparkane Ytre Hvaler, Møysalen eller Saltfjellet-Svartisen

⁸⁹ Verneforskrift for Raet landskapsvernområde § 3 punkt 3.7 jfr punkt 3

⁹⁰ Sjå om fiske i kap. 2.2.4

Konklusjonen er at vern kan avgrense bruk av enkelte reiskapar i fiske, men utover det vil det ikkje avgrense moglegheitene for havfiske. For fiske i ferskvatn som befinn seg i eit verneområde kan restriksjonar på andre ting enn sjølve fiske avgrense moglegheitene for dette. For oppdrettsnæringa vil vern bety at oppdrett er avgrensa frå området. Oppdrettsanlegg bør stort sett ikkje vere tillate, men dette kan få konsekvensar for lokalsamfunn.

3.2.6 Næringsverksemd i samband med jakt og fiske

Næringsverksemd i samband med jakt og fiske er ei næringsverksemd i vekst. Særleg jakt genererer store inntekter kvart år, og då spesielt elgjakt og villreinjakt. I tilknytning til sjølve jakta og fisket kan det vere andre verksemdar som til dømes overnatting, servering og bearbeiding av kjøtt. Problemstilling blir her om næringsverksemd i samband med jakt og fiske er avgrensa i eit verna område.

I dei fleste verna område vil ikkje eit vernevedtak føre til at det kjem restriksjonar på sjølve jakta og fisket. I nokre område er det likevel unntak frå dette når det gjeld jakt.⁹¹

Næringsverksemd i samband med jakt og fiske i verna område kan bli gjort vanskelegare der det er sett restriksjonar for transport med motoriserte kjøretøy. Dette gjeld spesielt uttransportering ved storviltjakt. I mange verna område, både nasjonalparker, landskapsvernområde og naturreservat er det unntak frå forbodet mot motorisert ferdsel, nett for å kunne transportere ut felt elg, hjort eller reinsdyr. I nasjonalparker er sjelden uttransportering ved småviltjakt tillate. Dette kan likevel bli eit problem ved større fangstar.

For etablering av næringsverksemd i samband med jakt og fiske i eit verneområde kan det vere naudsynt med husvære for overnatting og opphald. Jakttårn er og ønskeleg for dei som driv med jakt på storvilt. Dette er avhengig av dispensasjon frå verneforskrifta.

Konklusjon er at det er få restriksjonar på jakta og fisket som ligg til grunn for verksemda, men forbod mot motorferdsel og bygg kan avgrense verksemda, spesielt for nyetableringar.

⁹¹ Sjå om dette i kap. 2.2.4

3.2.7 Kraftproduksjon

Her er problemstillinga om kraftproduksjon blir avgrensa i eit verna område.

I mange verneområde er vasskraftressursane bygd ut. Denne verksemda vil kunne fortsette. Vidare utbygging av vasskraft og andre vil vere forbode i nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat. Vasskraftutbygging er eit stort inngrep i seg sjølv, som i tillegg krev bygging av vegar og fører til stor motorferdsel. Slike inngrep kan ikkje skje i eit verna område. Det er ofte spesifikt bestemt i verneforskrifta for verna område at det er forbode med utbygging av vasskraft.⁹² Sjølv om ikkje vasskraftutbygging er nevnt uttrykkeleg i verneforskrifta, blir det ramma av at landskapet skal vere verna mot inngrep av einkvar art eller at det ikkje må settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet.⁹³

Det neste spørsmålet er om andre og mindre inngripande formar for kraftproduksjon kan godtas i eit verneområde.

Mikrokraftanlegg (til dømes enkle vatnanlegg) innafor eit landskapsvernområde kan det etter søknad gis løyve til dersom det ikkje krev vesentlege tekniske inngrep. På mange turisthytter blir det brukt dieselaggregat til straumforsyning. Dieselaggregat ureinar, auker behovet for motortransport og det kan føre til utslepp av diesel i naturen dersom uhellet skulle vere ute. Dette kan tilseie at det bør kunne gis dispensasjon for bygging av mikrokraftanlegg, på tross av at det er eit inngrep i naturen.

Minikraftverk i eit verneområde vil som regel vere eit vesentleg teknisk inngrep, både med vassdragsregulering og anleggsarbeid.

Vindmøller i eit verna område vil stride mot verneformålet. Bygging av vindmøller inneber store tekniske inngrep i naturen og kan føre til forstyrning av dyrelivet, og fuglar kan miste livet når dei flyg inn i dei. På Hardangervidda vart det likevel gitt løyve til eit prøveprosjekt med drift av vindkraftanlegg for straumforsyning til turisthytta Hein Seter. Det fekk dei på grunn av ulempene dieselaggregat som straumforsyning har.⁹⁴

⁹² Sjå verneforskrifta for hardangervidda nasjonalpark § 4 punkt 4.1.1

⁹³ Verneforskrifta for Yngsdalen naturreservat § 3 punkt 3 om

⁹⁴ Søknaden for vidare drift av vindkraftanlegget vart endeleg avslått av Direktoratet for naturforvaltning

Konklusjon her er at vern sett store restriksjonar på vasskraftutbygging og andre former for produksjon av kraft. I mange verna område er det store moglegheiter for utbygging av kraftanlegg. Ved at desse områda er verna mot utbygging går store moglegheiter for næringsverksemd tapt for både offentlege og private aktørar. Kraftutbygging gir ringverknader for lokalsamfunnet. Det genererer store inntekter og kan føre med seg anna næringsverksemd. Produksjon ved eksisterande vasskraftverk vil kunne forsette.

3.3 Konklusjon

Her har eg sett på om vernevedtak avgrensar næringsverksemd.

Vern legg ein dempar på næringsverksemd, både for eksisterande næringsverksemd allereie fins i eit område når det blir verna og for verksemdar som etablerer seg i eit område etter at det har vorte verneområde. Særleg er det dei mange restriksjonane på motorferdsel og bygg av ulike slag som kan gjere det vanskelegare å drive næringsverksemd i verna område.

Det er store forskjellar i restriksjonar som kan få betydning for moglegheiter til å drive næringsverksemd verneområda imellom. Kor store konsekvensar for næringsverksemd vernet får blir i betydeleg grad av utforminga til vernereglane, forvaltningsplanen og sjølve forvaltninga av området. Kva som er tillatt og kva forvaltninga kan gi løyve til varierer.

Dette kan vere vanskeleg å forholde seg til for næringsdrivande. Det kan vere lettare der det fins forvaltningsplan å forholde seg til, men sjølv om forvaltningsplanen skal vere retningsgivande for forvaltninga er det likevel ikkje sikkert dispensasjonspraksisen blir konsekvent likevel.

Å måtte søke om løyve for å få moglegheiten til å bruke motorisert ferdsel for å frakte varer, organiserte turar eller er ein tidkrevjande prosess. Næringsverksemd i eit verna område har fleire reglar å forholde seg til enn næringsverksemd andre stader. Desse reglane kan og fortone seg som ganske kompliserte. Der eit nytt område blir verna kan restriksjonar føre til at aktivitetar som før var tillatt ikkje lenger er det. At det etter

vernevedtaket må søkast dispensasjon for å kunne utøve ein aktivitet kan for mange næringsdrivande opplevast som ei detaljstyring frå forvaltningsstyresmaktene, og heile prosessen kan vere nokså tidkrevande. Alt dette er moment som kan føre til at mange gode næringsverksemdsprosjekt ikkje blir gjennomførte.

Det er ein vanskeleg balansegang mellom bruk og vern. Det bør vere mogleg å drive næringsverksemd i verna område. Det vil vere mange restriksjonar på bruk i næringssamanheng, men samstundes er desse restriksjonane sett for ein grunn, nemleg at naturverdiane som er verna. Det er difor viktig at dispensasjonspraksisen ikkje er altfor snill, slik at vernet ikkje blir uthola.

For at det skal kunne drivast næringsverksemd i verna område og randområda er det ein føresetnad at verneverdiane ikkje lid skade. Sjølv om det er ønskeleg med auka sysselsetting og verdiskaping i og rundt verna område, skal dette ikkje gå på bekostning av naturverdiane som ligg til grunn for vernet.

4. Trollheimen

4.1 Trollheimen landskapsvernområde

Trollheimen landskapsvernområde vart freda ved kongeleg resolusjon av 11.12.1987. Fredinga kom i stand for å ta vare på eit vakkert fjellområde med skog og seterdalar og eit rikt plante- og dyreliv.⁹⁵ Svartåmoen,- og Minilldalsmyrene naturreservat ligg innafor landskapsverneområdet. Innerdalen landskapsvernområde grenser til Trollheimen landskapsvernområde, og slik at verneområda saman utgjer stort samanhengande verneområde. Trollheimen landskapsvernområde ligg innafor Rindal, Surnadal og Sunndal kommunar i Møre og Romsdal fylke og Oppdal, Rennebu og Meldal kommunar i Sør-Trøndelag. Det totale vernearealet er 1165 kvadratkilometer.⁹⁶

Trollheimen landskapsvernområde ligg berre på privat eigedom. Største delen av arealet blir eigd av gardbrukarar og folk som bur i kommunane verneområdet ligg innafor. I tillegg ligg fleire fritidseigedommar innafor landskapsvernområdet, til saman over 433 grunneigarar.⁹⁷

Trollheimen vart verna i medhald av naturvernslovas § 5. Bakgrunnen for vernet var å hindre vidare utbygging av vasskraft og vegar i området. I ein kort periode på 60- og 70-talet med Trollheimsutbygginga, Drivautbygginga og Grana-utbygginga, vart 75% av alle vasskraftressursar bygd ut. Dette førte til ønske om vern, som i 1987 leidde fram til vedtaket om vern av store delar av Trollheimen.⁹⁸

Ved kgl. res. av 11.12.1987, samstundes med opprettinga av Trollheimen landskapsvernområde, vart Svartåmoen naturreservat i Svartådalen oppretta.⁹⁹ I samband med ”Verneplan for barskog i Vest-Norge” vart reservatet utvida i 1999 då

⁹⁵ Forskrift 11. desember 1987 nr. 1066 Trollheimen landskapsvernområde III

⁹⁶ Ibid I og II 8.ledd

⁹⁷ Forvaltningsplan for Trollheimen s.20

⁹⁸ Nettsidene til fylkesmannen i Sør-Trøndelag

⁹⁹ Forskrift 11. Desember 1987 nr. 1067

reservatet på Svartåmoen vart oppretta, i tilknytning til det gamle Svartåmoen naturreservat. Til sammen dekker dei to reservata eit areal på litt under 12,7 km².¹⁰⁰

Formålet med vernet er å sikre eit område der fleire elver møtast i eit landskap prega av gammel grov furuskog og dødisgroper, tjern og grusrygger (eskere og elveterasser), sjå verneforskrifta for Svartåmoen III.¹⁰¹ Rundt Trollheimshytta som ligg inne i naturreservatet er eit 40 dekar stort område framleis verna som landskapsvernområde.

Minilldalsmyrene på Nerskogen vart freda som naturreservat etter § 8 i naturvernlova ved kronprinsreg. res. av 21.12.1990, for å sikre et stort og uvanleg myrområde, og å bevare eit vakkert landskap og ein rik fuglebiotop, med ender, vadarar og rovfugl. Reservatets areal er på 1,9 km².¹⁰²

I Trollheimen finn vi ein stor variasjonar i naturtypar. Det omfattar område med lågareliggande skogdalar, myr og høgalpine fjell opp til 1850 meter over havet. Området har ein rik fjellflora, med fleire artar som berre lever i Trollheimen. Botanisk sett er dette område eit av dei mest interessante i Noreg. Den store variasjonen i naturtypar gir grunnlag for eit rikt dyreliv, med ei rekke dyre- og fugleartar.¹⁰³

Trollheimen er eit populært fjellområde for turgåarar, med gode og varierte moglegheiter for friluftsliv.¹⁰⁴

Forvaltningsstyresmakta for Trollheimen landskapsvernområde er fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Fylkesmannen i Møre- og Romsdal, kvar med ansvar for sitt fylkes areal.¹⁰⁵ Samarbeidsutvalet for Trollheimen vart oppnevnt ved kongeleg resolusjon. og sikrar lokal medverknad i forvaltninga. Samarbeidsutvalet er med på å utforme retningsliner for forvaltninga og kan gi råd i behandlinga av enkeltsaker.¹⁰⁶

Forvaltninga skjer med utgangspunkt i verneforskrifta, som blir presisert og utdjupa

¹⁰⁰ Forvaltningsplan for Trollheimen s.11

¹⁰¹ Forskrift 11. Desember 1987 §3

¹⁰² Forskrift 21. Desember 1990 nr. 1105 §3

¹⁰³ Forvaltningsplan for Trollheimen s. 15

¹⁰⁴ Nettsidene til Trondhjems Turistforening og Kristansund og Nordmøre Turistforening

¹⁰⁵ Forskrift 11. Desember 1987 VI punkt 8

¹⁰⁶ Verneforskrifta for Trollheimen VI punkt 8 andre ledd, forvaltningsplan for Trollheimen s. 67

gjennom forvaltningsplanen som kom i 2005. Forvaltningsplanen skal gjere tolkinga av verneforskrifta enklare og forvaltninga meir forutsigbar for brukarane av området.¹⁰⁷

Det er så vidt eg forstår snakk om gjere om Trollheimen til nasjonalpark. Trollheimen verna som landskapsvernområde fordi Trollheimen berre er i privat eige.¹⁰⁸ No som vilkåret om at eit område må hovudsakleg vere statsgrunn for å bli nasjonalpark¹⁰⁹ er oppheva , er det mogleg å oppgradere vernet frå landskapsvernområde til nasjonalpark.¹¹⁰

4.2 Friluftsliv i Trollheimen

4.2.1 Innleiing

Her skal eg ta for meg friluftslivet i Trollheimen, og om friluftslivet blir avgrensa som følge av at Trollheimen er verna som landskapsvernområde. Friluftsliv er ikkje eit av formåla med vernet, i og med at friluftsliv ikkje er nevnt i føremålsparagrafen.¹¹¹ Det var berre naturverdiar som låg til grunn for at Trollheimen vart verna.

Med vernevedtaket vart likevel Trollheimen og sikra som friluftsområde. Mange av reglane som vart innførte er og med å sikre at Trollheimen landskapsvernområde framleis er og i framtida vil vere eit stort samanhengande område, som er godt egna til å utøve tradisjonelt og enkelt friluftsliv.

Det går fram av forvaltningsplanen at der det oppstår konflikt mellom friluftsliv og naturvern skal friluftslivet vike. Friluftslivet må ikkje føre til skade på vegetasjon eller forstyrring av dyreliv.¹¹²

Føre var-prinsippet er viktig i forvaltninga av Trollheimen som for andre verneområde .¹¹³ Det er ikkje berre aktivitetar som skader verneverdiane, men og

¹⁰⁷ Forvaltningsplan for Trollheimen s.6

¹⁰⁸ Verneforskrift for Trollheimen, NOU 2004:28 s.299

¹⁰⁹ Naturmangfoldlova § 35

¹¹⁰ Nettsidene til Tidens krav

¹¹¹ Sjå verneforskrift for Trollheimen III

¹¹² Forvaltningsplan for Trollheimen s.46

¹¹³ Naturmangfoldlova § 9

aktivitetar som kan skade området som kan avgrensast. Dersom ein friluftslivaktivitet kan skade dyreliv eller vegetasjon kan forvaltninga sette ned foten for tiltaket eller la vere å gi løyve etter søknad.¹¹⁴

4.2.2 Ferdsel til fots

Det første spørsmålet eg skal drøfte er om ferdsel til fots i Trollheimen landskapsvernområde er avgrensa som følge av at området er verna.

Det er ikkje lagt spesifikke avgrensingar på ferdsel til fots i verneforskrifta for Trollheimen, slik at det ikkje er fastlagt reglar som grip inn i allemannsretten i landskapsvernområdet. Alle kan dimed ferdast til fots kvar dei vil i utmark, så fram det skjer omsynsfullt og med tilbørleg varsomheit jamfør friluftslova § 2 og § 11.

Det er ikkje sett forbod mot ferdsel i naturreservata Minilldalsmyrene og Svartåmoen. Ferdel til fots er ikkje til skade for naturverdiane som ligg til grunn for vernet. I hekkeperiodar er fuglane som held til her meir sårbare og då kan det innførast restriksjonar på ferdsel til fots kan bli innført. Det kan det og dersom dyr blir forstyrra av ferdsla eller det er stor slitasje på vegetasjon.

Av omsyn til friluftslivet bør restriksjonar på allemannsretten berre innførast når det er høgst nødvendig.¹¹⁵ Kanalisering av ferdsel eller tilrettelegging er å foretrekke. For å hindre at det blir naudsynt med ferdselsrestriksjonar blir det til dømes på vinterstid kjørt opp spor frå Fjellheim på Nerskogen og forbi Minilldalsmyrene naturreservat opp til skoggrensa, slik at ferdsla blir kanalisert bort frå reservatet.¹¹⁶

For mange turgåarar er ei betjent eller ubetjent hytte einaste alternativet for overnatting på fjelltur, og turisthyttedrift blir da ein føresetnad for mykje av ferdsla som skjer til fots.

Til fordel for turisthyttene som ligg i Trollheimen er det gjort mange unntak frå hovudreglane i verneforskrifta, mellom anna frå byggeforbodet i VI punkt 1.1 og forbodet mot motorisert ferdsel. No er det slått fast i verneplanen at hyttene får ikkje

¹¹⁴ Forvaltningsplan for Trollheimen s.24

¹¹⁵ Dette er slått fast i forvaltningsplanen for Trollheimen s.45

¹¹⁶ Forvaltningsplanen s.45

utvide meir no sjølv om det kan vere behov for det. At det til tider er mangel på kapasitet på hyttene kan vere eit hinder for at fot kjem seg ut på tur, av di dei er redde for å komme til ei overfylt hytte.

Byggeforbodet hindrar bygging av nye turisthytter i Trollheimen landskapsvernområde.¹¹⁷ Ikkje alle turgåarar i Trollheimen er bekvemme med å ligge i telt. Dersom det ikkje er hytter å ligge over i, er det mange som held seg borte frå område der det ikkje er mogleg å overnatte på ei hytte.¹¹⁸

Det er fastslått i verneforskrifta at ved unntak etter søknad er det moglegheiter for opparbeiding av nye turistleier og løyper, sjå verneforskrift VI punkt 1.3 bokstav e. Oppkøyring og preparering av skiløyper fell ikkje under dette. Til oppkøyring og preparering krevs bruk av snøskuter, og det er det ikkje tilgang til. Vintermerking av løyper skal etter forvaltningsplanen berre skje med naturkvist, men utover det er det inga tilrettelegging av skiløyper på vinteren, med unntak der dette er naudsynt for å kanalisere ferdsel.¹¹⁹

KNT har søkt om å få merke fleire ruter enn den i Romådalen, men dette vil samarbeidsutvalet ikkje tilrå. Mangel på merking hindrar ein god del menneske å bruke turområde. Ikkje alle kan bruke kart og kompass, eller av andre grunnar helst vil gå merke ruter.¹²⁰ Dispensasjon frå verneforskrifta blir ikkje gitt fordi det ikkje bør leggest til rette for fotturisme i urørte område. Fotturisme på sommars tid bør kanaliseras til områda der det frå før er tillrettelagt for fotturistar.

Det er sjølvstakt ikkje slik at det fråveret av merke løyper og turisthytter berre er eit stengsel for friluftsliv. Ein del som ferdast i fjellet kjem til Trollheimen fordi det er store område utan merking, hytter og mykje folk. På tross av at det til tider er mange turgåarar i Trollheimen er det fullt mogleg å gå i område utan å treffe andre menneske fleire dagar i strekk, og nå fjelltoppar få andre har vore på.

For både Svartåmoen og Minilldalsmyrene naturreservat er vegetasjonen freda mot einkvar skade og øydelegging, og det er forbode å fjerne plantar eller plantedelar frå

¹¹⁷ Ibid s.49 f

¹¹⁸ Sjø meir om dette i kap. 4.3.2

¹¹⁹ Forvaltningsplanen s. 45

¹²⁰ Ibid s. 28 og 49f

reservatet, jamfør forskrifta Minilldalsmyrene IV punkt 1 og Svartåmoen IV punkt 1. Sanking av bær og sopp er likevel tillate.

Konklusjon her er at det er ikkje lagt restriksjonar på ferdsel til fots i Trollheimen. Turgåarar som er avhengige av tilrettelegging for fotturisme kan bli hindra frå å bruke delar av området, men utover dette er det få hinder for ferdsel til fots i Trollheimen landskapsvernområde

4.2.3 Anna former for friluftsliv

Problemstillinga her er om anna former for friluftsliv enn ferdsel til fots avgrensa i Trollheimen landskapsvernområde.

Med unntak for forbod mot motorferdsel er det ikkje fastsett restriksjonar på ferdsel i Trollheimen. Ingen av dei andre formene for friluftsliv enn ferdsel til fots som til dømes paragliding, fallskjermhopping, hanggliding, rafting, terrengsykling eller riding er nevnt i verneforskrifta.

Spørsmålet er om aktivitetane er i strid med verneformålet, og av den grunn er regulert. Det følgjer av III i verneforskrifta for Trollheimen at føremålet med vernet er å ta vare på eit særmerkt og vakkert fjellområde med skog og seterdalar og eit rikt plante- og dyreliv.

Dette tilseier at aktivitetar som medfører slitasje og forstyrring på naturmiljøet bør ein vere forsiktig med. Til dømes kan hanggliding, paragliding og klatring komme i konflikt med dyreliv, særlig ved forstyrring av hekkande rovfugl.

Riding og sykling er aktivitetar som blir meir og meir utbreidd, også innfor Trollheimen landskapsvernområde. Sykling og riding på veg vil i liten grad skade naturen, og bør vere difor tillate. Å oppleve Trollheimen på hesteryggen eller på sykkel er ein fantastisk måte å oppleve naturen på. Riding enkeltvis i terrenget vil ikkje skade vegetasjonen nevneverdig, men dersom dette skjer i meir organiserte former der større grupper drar til hest ilag kan dette føre til skader på vegetasjonen.¹²¹ Terrengsykling utafor veg kan påføre slitasje på vegetasjonen, og kan difor stride mot verneformålet.

¹²¹ Sjå meir i 2.2.5

I Trollheimen er det gode moglegheiter for fjellklatring og området består av toppar av ulik høgde og vanskelegheitsgrad. I Innerdalen har det lenge vorte drive fjellklatring . Etablering av nye klatreruter kan komme i konflikt med hekkande rovfugl.¹²²

Friluftaktivitetar som krev bruk av motorisert ferdsel til å frakte utstyr er ikkje mogleg å drive med innanfor Trollheimen landskapsvernområde, i og med at motorisert ferdsel er forbode, ifølge verneforskrifta VI punkt 5.1. Fleire av dei nye friluftaktivitetane krev transport av utstyr inn i områda der utøvinga av aktiviteten skal foregå. Det bør ikkje gis dispensasjon for motorisert ferdsel i denne hensikta, særleg ikkje der ferdsla skjer utanfor veg.

I Trollheimen landskapsvernområde er det moglegheiter for å drive med aktivitet i tilknytning til fleire elver. Der det er ønske om å drive med rafting, men det må gjerast noko med elva før aktiviteten kan settast i gang, til dømes i form av utgraving av elva, er ikkje dette lovleg. Dette er eit inngrep det ikkje er høve til å gjere jamfør verneforskrifta VI punkt 1.1.

Dersom det blir drive med mange andre friluftslivaktivitetar kan dette føre til ulempe for folk som går til fots. Dersom dette er tilfelle bør det settast restriksjonar for dei andre formene for friluftsliv, då det er det enkle tradisjonelle friluftslivet som bør bli prioritert.¹²³

Konklusjonen er her at det ikkje sett restriksjonar på anna former for friluftsliv i verneforskrifta. Men dersom friluftslivutøvinga strir mot verneformålet bør det ikkje utøvast, til dømes der aktiviteten fører til forstyrning for fuglar og dyr eller vegetasjonen kan skadast. Forbodet mot inngrep og motorferdsel gjer at enkelte aktivitetar ikkje kan drivast med.

4.2.4 Friluftsliv for menneske med ei form for funksjonshemming

Problemstillinga her er om verneforskrifta kan avgrense moglegheitene funksjonshemma som sitt i rullestol eller på andre måtar har vanskeleg for å gå til fots har til friluftsliv i Trollheimen.

¹²² Forvaltningsplanen for Trollheimen s. 46

¹²³ Dette er stadfesta i forvaltningsplanen s. 24

Det store hinderet for å delta i eit aktivt friluftsliv for menneske med ei form for ei slik funksjonshemming er som for andre verneområde forbodet mot motorisert transport, jamfør verneforskrifta VI punkt 5.1.¹²⁴ Etter VI punkt 5.3 bokstav f i verneforskrifta kan det etter ei vurdering av den enkeltes transportbehov gis løyve til persontransport frå forvaltningsmyndigheitene, men dispensasjonspraksisen er streng.¹²⁵ Det kan heller ikkje leggst til rette på andre måtar.

Reelle omsyn tilseier at det bør kunne gis dispensasjon til transport av menneske som har vanskeleg for å gå, fordi friluftsliv er eit gode også funksjonshemma bør kunne ta del i. Det som talar imot dette er moglegheita for at vegetasjon og vegar tar skade av det. Motortransport, og særleg den som foregår i terrenget kan vere øydeleggande også i Trollheimen. Men dette gjeld ikkje alltid, som til dømes på snøskuter vinters tid. Og der det uansett skal transporterast noko på traktorveg bør det kunne vere mogleg å transportere folk samstundes.

Konklusjonen her er at forbodet mot motorisert ferdsel i verneforskrifta turmoglegheitene for rullestolbrukarar og andre som har problem med å gå blir avgrensa.

4.2.5 Jakt og fiske

Problemstillinga her er om jakt og fiske er avgrensa i Trollheimen landskapsvernområde.

Det er ikkje restriksjonar på jakt og fiske i Trollheimen landskapsvernområde, jamfør VI punkt 3.1 i verneforskrifta for Trollheimen, der det er fastslått at kan jakt og fiske i landskapsvernområde kan drivast i samsvar med dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld. Ettersom jakt og sike ikkje representerer eit trugsmål mot verneverdiane bør det heller ikkje innførast restriksjonar på jakt og fiske.

Retten til jakt og fiske ligg hos grunneigarane. Det er ingen hinder som stenger for fiske i vatna med tilhøyrande elver dersom det er kjøpt fiskekort. Derimot er det som ønskeleg med meir fiske i vatna i Trollheimen.¹²⁶

¹²⁴ Sjø kap. 2.2.3

¹²⁵ Forvaltning for Trollheimen s.60

¹²⁶ Forvaltningsplan for Trollheimen s.52

I Trollheimen landskapsvernområde blir det drive fleire former for jakt, både på småvilt, fugl og storvilt. Grunneigarane driv for det meste sjølv jakt på storvilt, men storparten av området er åpna for småviltjakt gjennom kortsalg eller utleige.¹²⁷

Jakt og fiske er tillatt i naturreservata jamfør forskrift om Minilldalsmyrene naturreservat IV punkt 2 og forskriftene om vern av Svartåmoen naturreservat IV punkt 2 og V punkt 3 og 4 .

For å frakte ut skotne dyr under jakta kan det bli naudsynt med motorisert transport. Denne ferdsla kan føre til øydelegging av vegetasjonen. På tross av dette er det for Minilldalsmyrene er det gjort unntak frå forbodet mot motorisert ferdsel for å kunne bruke eit lett beltekjøretøy for utfrakting av felt elg. Eit vilkår for dette er at myroverflata må ikkje skadast ved uttransporteringa.¹²⁸

Konklusjonen her er at jakt og fiske ikkje er avgrensa i verneforskrifta.

4.2.6 Organisert ferdsel

Problemstillinga her er om organisert ferdsel er avgrensa i Trollheimen

I mange verneforskrifter er det tatt inn ein eigen paragraf for organisert ferdsel, der denne må ha løyve dersom den organiserte ferdsla kan skade naturen.¹²⁹ Verneforskrifta for Trollheimen landskapsvernområde har ingen eigen regel om dette.

Organisert idrettsaktivitet, som til dømes løp av ulike slag(ski, springing, orientering), jaktprøver, og liknande kan føre til øydelegging av vegetasjon og forstyrring av dyreliv, og bør av den grunn leggast utanfor verneområdet.¹³⁰ For etablerte løp og arrangement kan det stille seg annleis. Turrennet Innerdalsportløpet er eit etablert løp, og dette bør fortsette, på tross av at Innerdalen er verna som eit landskapsvernområde.

¹²⁷ Ibid s.52

¹²⁸ Verneforskrift Minilldalsmyrene

¹²⁹ Sjå avsnittet om organisert ferdsel i 2.2.5

¹³⁰ Dette er slått fast i forvaltningsplan for Trollheimen s. 51

Større grupper som ferdast i Trollheimen vil kunne ha større potensiale for å skade verneverdiane enn det menneske som ferdast enkeltvis har. Då er og moglegheiten større for at ferdsla er i strid med verneformålet.

I periodar har det vært tilbod om organiserte rideturar og andre typar arrangement innanfor Trollheimen landskapsvernområde. Slike turar kan vere øydeleggande på vegetasjon og stiar som er til for ferdsel til fots.¹³¹

Mange av dei nye formene for friluftsliv foregår i organiserte former. Der fleire menneske kitar i det same område i Trollheimen er det større moglegheiter for at vegetasjon lid skade og at dyr og fuglar blir forstyrra. Det same gjeld anna typar luftsport, klatring, terrengsykling med meir.

Konklusjonen er at der organisert ferdsel kan føre til skade på naturverdiane kan denne avgrensast. Men dette går ikkje eksplisitt fram av verneforskrifta.

4.3 Næringsverksemd i Trollheimen

4.3.1 Innleiing

Her skal eg ta for meg næringsverksemda i Trollheimen. Problemstillinga er og om og i tilfelle korleis verneforskrifta avgrensar næringslivet. Som for den generelle delen skal eg ta for meg primærnæringar og andre næringar som har grunnlaget sitt i og av bruk av natur.

4.3.2 Reiselivsverksemd

I Trollheimen er det stor moglegheiter for å kunne drive ulike former for reiselivsverksemd og turisme. Trollheimen er eit attraktivt fjellområde der det kan drivast med mange ulike aktivitetar. Spørsmålet er her om verneforskrifta kan avgrense moglegheitene for reiselivsverksemd.

I Trollheimen er det ikkje restriksjonar på ferdsel til fots, så det er fritt fram for aktivitetar som baserer seg på dette.¹³² Anna former for friluftsliv er det heller ikkje sett

¹³¹ Ibid s.46

restriksjonar på, men fleire av dei nye formene for friluftsliv kan vere skadeleg for vegetasjon eller dyre- og fugleliv, og bør ikkje utøvast.¹³³ Då kan det heller ikkje drivast turisme som blir basert på dette.

I verneforskrifta fins ingen regel som regulerer organisert ferdsel, heller ikkje kommersiell organisert ferdsel.¹³⁴ Men ifølge forvaltningsplanen skal det ikkje leggst til rette for kommersiell innanfor verneområdet. Dette innebær særleg at det ikkje blir gitt dispensasjon etter den generelle dispensasjonsregelen frå forskrifta VI punkt 1.1 bokstav a for å sette opp bygg som er naudsynt i drifta. Det blir heller ikkje gitt dispensasjon for å kunne bruke motorisert transport av ulike typar, som til dømes terrengmotersykkel, båt og småfly.¹³⁵ Det er presisert i forvaltningsplanen at landing og lågtflyging med helikopter og småfly med turistar er forbode.¹³⁶ Dersom drifta er avhenging av tilrettelegging i form av tekniske inngrep vil dette også vere til hinder for reiselivsverksemd.

Restriksjonane som er pålagt områda gjennom vernevedtaket gjeld berre innafør verneområdet. Men turistaktivitet i randområdet til Trollheimen landskapsvernområde kan føre til at verneverdiane i verneområdet blir påverka, og, difor kan ikkje nødvendigvis all ønskeleg aktivitet tillate.

Konklusjonen er at der reiselivsverksemd er avhengig av motortransport, nybygging eller andre inngrep for å kunne drive, vil verneforskrifta avgrense moglegheitene for verksemda.

4.3.3 Turisthyttedrift og anna overnattingsverksemd

Her er problemstillinga om turisthyttedrift og anna overnattingsverksemd blir avgrensa som følge av at Trollheimen er eit verneområde.

¹³² Sjå verneforskrifta

¹³³ Sjå kap. 4.2.3

¹³⁴ Sjå kap. 4.2.6

¹³⁵ Forvaltningsplan for Trollheimen s. 21 og 61f

¹³⁶ Ibid s. 61f

I Trollheimen driv Trondheims Turistforeining(TT) dei tre betjente turisthyttene Jøldalshytta, Trollheimshytta og Gjevilvasshytta. Gjevilvasshytta ligg ikkje innafør landskapsvernområdet. Desse er betjente i påska og på sommaren, og utanfor sesong er det sjølvbetjeningshytter. I tillegg er Kårvatn i Todalen og Bårdsgarden i Storlidalen åpne for fotturistar. Det finst og ei rekke ubetjente hytter i Trollheimen. Turen mellom dei tre betjente hyttene i TTs eige har fått namnet trekanten, og er eit kjent turmål for dei som er fjellinteresserte.¹³⁷

Det er eit stort tal merka stiar til bruk sommar og vinter. Kristiansund og Nordmøre Turistforeining (KNT) driver tilrettelegging i dei vestre deler av området. KNT har eit sjølvbetjent turistkvarter på Vollasetra i Sunndal kommune. Todalshtyta blir eig av KNT, men drive privat.¹³⁸

Det følger av naturmangfoldlova § 36 andre ledd at det ikkje må settast i verk tiltak som kan endre det verna området særpreg eller karakter. Dette kjem til uttrykk i verneforskrifta VI punkt 1.1 der det er fastslått at alle inngrep som vesentleg kan endre karakteren til landskapet er forbode. Oppføring av bygg er eit slikt inngrep. Frå det generelle forbodet mot oppføring av nye bygg i 1.1 bokstav a kan det likevel gis dispensasjon for turistforeiningsverksemd. Jøldalshytta er den siste hytta som fekk løyve til å utvide, og utbygginga vart ferdig i 2005.

Samarbeidsutvalet for Trollheimen meiner at ingen av hyttene i trekanten skal utvidast med fleire sengeplassar etter utbyggingane av Trollheimshytta og Jøldalshytta.¹³⁹ Talet på gjester varierer frå sesong til sesong, men det er uansett til tider behov for fleire sengeplassar, spesielt i høgsesongen. Trollheimen er det einaste store fjellområde med hytter som er tilrettelagt for turgåarar med hund, og hunderomma er ofte fulle. Fleire sengeplassar og fleire rom der hunden kan vere gir større moglegheiter for inntjening. Sjølv om verneforskrifta åpnar for at det kan byggast nye turisthytter har Nordmøre- og Kristiansund Turistforeining ikkje fått løyve til å bygge i den vestlege/nordvestlege delen av Trollheimen. Her er det ikkje tilrettelagt for ferdsel og det er viktig å halde

¹³⁷ Forvaltningsplan for Trollheimen s. 47f

¹³⁸ Ibid s.62

¹³⁹ Ibid s. 48

enkelte område utan tilrettelegging.¹⁴⁰ Samstundes mistar KNT moglegheiten til å drive næringsverksemd.

For å frakte varer til turisthyttene kan det gis dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel i verneforskrifta VI punkt 5.3 bokstav c. For å kunne drive turisthyttene er dei avhengige av at det blir innvilga løyve slik at matvarer og utstyr kan bli transporterte inn i verneområde.

For å hindre mest mogleg motortransport må det søkast for kvar gong transport er naudsynt. For å hindre mest mogleg skade på verneverdiane bør det meste av transport tas på vinteren ved hjelp av snøskuter. Dette gjeld særleg Trollheimshytta, som får varer frakta inn dit ved hjelp av helikopter.¹⁴¹

Det bør leggest til rette for turisthyttedrifta i Trollheimen. Turisthyttene bidreg til at fleire brukar Trollheimen til friluftsliv, plasseringa av dei bidreg til å kanalisere ferdsel og er ein viktig informasjonskanal. Turisthyttedrifta skapar arbeidsplassar og andre ringverknader for lokalsamfunna rundt Trollheimen. Trondhjems Turistforening har eit mål om å nytte lokal mat på hyttene, og Jøldalshytta merker seg spesielt ut med å ha til dømes meieriprodukt frå Gjelsetra og reinsdyrskav frå dei som driv med reindrift i Trollheimen.¹⁴²

Det er moglegheiter for å leige ut fritidsbustader i Trollheimen. Dette er det ikkje sett restriksjonar på. Det følger av verneforskrifta § VI punkt 1.1 at det ikkje er lov å oppføre nye bygg, og det inneber bygg for utleige. For å gjere om seterhus til soverom for eventuell utleige trengs det dispensasjon etter VI punkt 6. Der det er moglegheiter for å leige ut seter/anna fritidsbustad er det moglegheiter for inntekt, særleg dersom det kan kombinerast med tilbod om jakt og fiske.

Konklusjonen er at det blir sett restriksjonar på turisthyttedrift som kan gjere det vanskelegare å drive hyttene i Trollheimen. Dette gjeld spesielt for restriksjonane på motortransporten hyttene er avhengige av. For fleire av hyttene kan det og vere ønskeleg å ha større kapasitet både på lagerrom og sengeplassar. Fordi turisthyttene er

¹⁴⁰ Ibid s. 50f

¹⁴¹ Ibid s.48

¹⁴² Nettsidene til Trondhjems Turistforening

så viktige for friluftslivet i Trollheimen bør ikkje restriksjonar på turisthyttedrifta vere så store at dei ikkje blir for vanskeleg å drive turisthytte i Trollheimen.

4.3.4 Landbruk

Problemstillinga her er om landbruksdrifta i Trollheimen blir avgrensa som følge av at Trollheimen er verna som landskapsvernområde.

Jordbruksareala i Trollheimen er marginale, og det er difor beite for sau og storfe som er den mest utbreidde formen for jordbruk.¹⁴³ Det er i dag aktiv seterdrift med mjølkekyr på fleire setre som ligg i landskapsvernområdet.

Det er restriksjonar på sjølve landbruksdrifta, men dersom drifta skal utvidast eller endrast på anna måte er trengs det løyve frå forvaltningsstyresmaktene. Det følger av verneforskrifta VI punkt 4 1.3 bokstav a at det kan gis dispensasjon til nydyrking, oppføring av nye seteranlegg, bygging av landbruksveggar med meir dersom det er naudsynt og ikkje strir imot verneformålet. Dersom det forelegg eit reelt næringsbehov bør det kunne gis løyve til dette.¹⁴⁴ Intensivering av noverande driftsformer eller nye driftsformer kan vere i strid med verneformålet.¹⁴⁵

Restriksjonar på motorferdsel gjer drifta vanskelegare. Dersom det hadde vore ønskeleg med auke i produksjonen av mjølk og meireiprodukt på ei sæter, må noko av produkta ned til bygda, og dette krev utstrakt bruk av motorisert ferdsel. Dette legg det ikkje til rette for.

Dyra på beite er ein føresetnad for å ta vare på seterdalane i Trollheimen. Utan dei ville seterdalane vore er truga av attgroing. Landbruksdrifta i Trollheimen er nødvendig for å ta vare på kulturlandskapet i landskapsverneområdet.

Konklusjonen er at det er ei rekke restriksjonar på landbruksdrift i Trollheimen. I tillegg restriksjonar på bygg og motorferdsel, som og kan få konsekvensar for landbruksdrift. Det bør ikkje vere store avgrensingar for landbruksdrifta i Trollheimen. Setrene i Trollheimen er ein del av kulturlandskapet, og det bør oppmuntrast til fortsatt drift for dei som er att.

¹⁴³ 10-12 000 sauer og eit mindre tal storfe på sommarbeite. Forvaltningsplanen s.19f

¹⁴⁴ Sjå forvaltningsplanen s.37

¹⁴⁵ Forvaltningsplan for Trollheimen s. 37

4.3.7 Reindrift

Problemstillinga her er om det er avgrensingar på reindriffta i Trollheimen.

I Trollheimen har dei to familiane Renander og Kant konsesjon for å drive med reindrift. Dei organiserer driftseiningane sine i ein felles flokk. No er det 1600 rein pluss kalveproduksjon på sommarbeite i Trollheimen. Reinen brukar områda innanfor Trollheimen landskapsvernområde som barmarksbeite får midten av april til midten av november.¹⁴⁶ Det har vore villrein i Trollheimen, men no er det berre tamrein.¹⁴⁷

Reindriffta i Trollheimen blir forvalta etter reglar i reindrifftlova. Forvaltninga av reindriffta er underlagt områdestyret for reindrift/reindrifftsforvaltninga i Sør-Trøndelag/Hedmark.

Frå forbodet mot motorferdsel i Trollheimen er det i punkt VI 5.2.bokstav d gjort ein god del unntak for reindriftnæringa i Trollheimen. Bruk av snøskuter på vinters tid i samband med driffta er tillate.

Bruk av terrengmotersykkel kan det ifølgje forvaltningsplanen ikkje åpnast for. Det er gjort unntak i punkt 5.3 bokstav b etter løyve for transport på berr mark for frakting av material til oppføring og vedlikehald av anlegg som er naudsynte i reindriftnæringa.

Helikopter kan vere naudsynt når reinen skal samlast til kalvemerkinga. Der forbode å lande innafor landskapsvernområdet med helikopter. Men løyve kan bli gitt ved konkrete behov når særlege grunnar ligg føre punkt 5.3f.¹⁴⁸

For å kunne drive reindrift er det naudsynt å kunne sette opp ulike bygg, anlegg og innretningar. Det er derfor i verneforskrifta gjort unntak frå byggeforbodet i 1.1. Etter verneforskrifta VI punkt 1.3 bokstav c kan det etter søknad gis løyve til oppføring av bygningar, gjerde og andre anlegg i samband med reindrift. På fjellet Skrikhø er det sett opp eit stort samlegjerde der merking av kalvar foregår.¹⁴⁹

For å kunne drive reindrift trengs store naturområde utan tekniske inngrep.

Reguleringane som følgjer av verneforskrifta for Trollheimen er til stor gagn for

¹⁴⁶ Forvaltningsplanen for Trollheimen s. 41 og <http://www.trollheimen-sijte.no/>

¹⁴⁷ Forvaltningsplan for Trollheimen s. 16

¹⁴⁸ Ibid s. 42f

¹⁴⁹ Ibid. S.42

reindrifta. Arealgrunnlaget for reindrifta blir sikra gjennom restriksjonar på tekniske inngrep og motorisert ferdsel, samstundes som dei som driv med reindrift sjølv kan bruke motoriserte kjøretøy ved unntak i verneforskrifta eller får innvilga løyve dersom det er naudsynt.

Konklusjonen her er at det er mange restriksjonar i verneforskrifta for reindrifta. Men det er og mange unntak frå verneforskrifta for bygging av gammer, inngjerdingar og bruk av motorkjøretøy. Reindrifta er i ei særstilling i så måte i Trollheimen, då dei har lettare for å få løyve til inngrep og aktivitet få andre får.

4.3.6 Næringsverksemd i samband med jakt og fiske

Problemstillinga her er om det er innført restriksjonar på næringsverksemd i samband med jakt og fiske som følge av at Trollheimen er verna som landskapsvernområde.

Som tidlegare nevnt er det ikkje lagt restriksjonar på jakt og fiske i Trollheimen landskapsvernområde. Det kan difor i utgangspunktet drivast næringsverksemd i samband med jakt og fiske.

Dei aller fleste av vatna er åpna for fiske gjennom sal av fiskekort. Jøldalshytta driv utleige av båt og fiskeutstyr for fiske i Jølvatnet.

Det er og grunneigarane som har jaktrettane innafor Trollheimen landskapsvernområde. For småviltjakt er det åpna for andre enn grunneigarane gjennom kortsalg eller utleige.¹⁵⁰

I Jøldalen blir jaktretten på rypejakt leigd ut, i tillegg til grunneigarane har delar av området for seg sjølv. I samband med jakta blir seter leigd ut som overnattingsstad og jegarane et middag på jøldalshytta.

Her som andre stader er det restriksjonar på bygging av husvære og liknande, og motorisert ferdsel for å frakte ut fangstar som kan avgrense moglegheitene.

Konklusjon er her at dei einaste restriksjonane på næringsverksemd i samband med jakt og fiske er avgrensingar på motorferdsel og bygg av husvære.

¹⁵⁰ Forvaltningsplan for Trollheimen s. 52

4.3.7 Kraftproduksjon

Problemstillinga er her om det er avgrensingar på kraftproduksjon på grunn av at Trollheimen er verna.

Vassdragsregulering og tørrlegging er rekna opp som døme på inngrep som vesentleg vil endre landskapet jamfør naturmangfoldlova § 36 andre ledd og verneforskrifta VI punkt 1.1 a. Utbygging av vasskraft vil utan tvil endre landskapets karakter vesentleg. Verneforskrifta § 6 punkt 1.2 bokstav c åpnar likevel for utbygging av Småvoll kraftverk, men då utan regulering av Kråkvatnet.

Vidare vasskraftutbygging er vanskeleg å sameine med verneformålet. Dette krev store inngrep i naturen, og slike inngrep bør ikkje finne stad i eit landskapsvernområde. Kraftproduksjon er og avhengig av motortransport og vegar.

Jøldalshytta har eit kraftverk, men dette er ikkje drift. Jøldalshytta og Trollheimshytta har dieselaggregat som forsynar dei med straum. Dette fører med seg behov for meir transport, det ureiner og det er fare for utslepp.¹⁵¹

Konklusjonen her er at utbygging av vasskraftverk innebær store inngrep i naturen. Slike bør ikkje finne stad i eit verneområde, sjølv om det er mogleg å bygge ut og sjølv om at det er behov for krafta. For Turisthyttene kan det tenkast eit unntak. Dersom det hadde vore mogleg burde turisthyttene ha fått kraftverk til bruk på hyttene, fordi det er ulemper med bruk av dieselaggregat.

4.4 Konklusjon

Verneforskrifta som gjeld for Trollheimen landskapsvernområde er som for andre verneområde ein føresetnad for at områda er så attraktive for friluftslivet som dei er i dag. På grunn av restriksjonane er det likevel utelukka å drive med enkelte aktivitetar, og det kan vere vanskeleg for menneske som har problem med å gå å bruke dei verna områda i Trollheimen for friluftsliv.

Verneforskrifta avgrensar også næringsverksemd i den forstand at det noko tiltak og aktivitet ikkje er lovleg. Dette er spesielt forbodet mot motorisert ferdsel og oppføring av nye bygg som kan hindre næringsverksemd og vanskeleggjere eksisterande næringsverksemd. Det får og betydning for utvikling av ny næringsverksemd.

¹⁵¹ Ibid s. 48 og 57

I eit verneområde er det ønskeleg med restriktiv og einsarta dispensasjonspraksis, slik at vernet naturen har gjennom vernevedtaket ikkje blir uthola. Det er eit uttala mål for forvaltninga av Trollheimen landskapsvernområde at motorferdsla skal haldast på eit minimum.¹⁵² Nyleg fekk likevel destinasjon Kristiansund og Nordmøre dispensasjon for omfattande helikopterflyging og landing på fjella Navardalsnebb, Tåga, Trolla, og Vinnufjell for opptak av reklamefilm.¹⁵³

Dersom Trollheimen skulle bli nasjonalpark kan dette føre til auka satsing på næringsverksemd, og fleire får augene opp for Trollheimen som turområde. Men samstundes er Trollheimen allereie eit godt kjent turområde. Nasjonalparkstatus kan auke næringsaktiviteten, men dersom det blir innført ytterlegare restriksjonar kan og legge ein dempar på næringsverksemda som blir drive og eventuell framtidig næringsverksemd.

¹⁵² Ibid s. 46

¹⁵³ Artikkel i avisa Driva 21. Mars 2011

5 Konklusjon

I denne oppgåva har eg tatt for meg korleis vern av eit område kan avgrense friluftsliv og næringsverksemd.

Vern kan vere med å sikre område for friluftsliv, men for enkelte kan det bli vanskelegare å bruke eit område dersom det blir verna. Dei ulike verneforskriftene sett restriksjonar på ferdsel, og dette kan gjere det vanskelegare å bruke området til ulike aktivitetar. Det er og vanskeleg for menneske med funksjonshemmingar å bruke verneområde på grunn av restriksjonar på motoriserte framkomstmiddel. På tross av dette kan vern av eit område vere ein stor fordel for det enkle tradisjonelle friluftslivet.

Til fordel for at reglane i verneområde ikkje bør avgrense friluftsliv talar at flest mogleg bør få oppleve naturen i Noreg, også der naturen er verna. Friluftsliv er helsefremmande, og i ei tid der stadig færre driv kroppsarbeid, spelar friluftslivet ei viktigare rolle. Nye former for friluftsliv rekrutterer nye folk til friluftslivet, og mange av desse formene for ferdsel er i dei fleste tilfella ikkje meir skadeleg for naturen enn ferdsel til fots er.

Eit vernevedtak kan gi moglegheiter for nye verksemdar innafor naturbasert næringsliv i og med at grunnlaget for verksemda blir bevart. Men samstundes kan områdevern avgrense moglegheiter for næringsverksemd og verdiskaping, og særleg er det restriksjonar på motorisert ferdsel og byggeforbod kan gjere det vanskeleg både for etablerte næringar innafor verneområdet og spesielt for nyetableringar.

For å gjere det enklare å drive næringsverksemd i verna område talar for det første samfunnsøkonomiske grunnar. Naturturisme er populært, og jo færre område det blir for friluftsliv og jo fleir menneske som bor i dei store byane jo større vil etterspurnaden etter dette auke. Dette får og ringverknader i lokalsamfunna, med bidrag frå andre verksemdar, skatteinntekter til kommunane og arbeidsplassar i distrikta. I verna område må verksemdene vere bærekraftige, og dei må prøve å passe på slik at naturen ikkje lid skade.

Mot auka bruk til friluftsliv og næringsverksemd talar at denne bruken kan føre til skader på naturen som er verna, og særleg der naturen er spesielt sårbar. Ikkje alle skader i naturen lar seg reparere. Sjølv om friluftsliv og næringsverksemd er gode formål, er det viktigare å ta vare på mangfoldet i naturen. Der bruk kan føre til tap av naturmangfold bør bruk vike.

Det er mykje fantastisk natur i Noreg, og eg kunne ønske meg at flest mogleg skal oppleve denne og at mange har moglegheiten til å kunne bruke naturen som inntektkjelde. Men samstundes kan ikkje bruken av verna norsk natur gå på bekostning av verdiane vernet kom i stand for. I mange tilfelle må forvaltninga av verneområde vere streng, sjølv om dette går på bekostning av bruk i friluftssamanheng og bruk for næringsverksemd.

Litteraturliste

Bøker og artiklar

Backer, Inge Lorange. *Naturvern og naturinngrep*. Stavanger, 1986

Backer, Inge Lorange. *Allemannsretten i dag*. I Lov og rett nr. 8, 2007

Backer, Inge Lorange. *Naturmangfoldloven kommentarutgave*. Oslo, 2010

Bjørnvik, Arve Martin. *Kommersiell utnytting av allmennhetens frie ferdselsrett*. Tidsskrift for rettsvitenskap 1999 s. 193-230

Dannevig, Øyvind. *Nye ferdselsformer i friluftslivet*. Oslo, 2010

Eckhoff, Torstein og Jan E. Helgesen. *Rettskildelære*. 5. utg. Oslo, 2001

Eckhoff, Torstein og Eivind Smith. *Forvaltningsrett*. 7. utg. Oslo, 2003

Falkanger, Thor og Aage Thor Falkanger. *Tingsrett*. 6.utg, 2002

Lover

Lov 17. mai 1814 Kongeriget Norges Grundlov

Lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov

Lov 17. Juni 1955 om Lov om saltvannsfiskeriene

Lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet

Lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern

Lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane

Lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag

Lov 29. mai 1981 nr. 38 om viltet

Lov 21. 12. 1984 nr. 101 om reindrift i kommunene Meldal, Midtre, Gauldal, Oppdal, Rennebu, Rindal, Sunndal og Surnadal (Trollheimsloven).

Lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v.

Lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).

Lov 4. Juli 2003 nr 74 om hundehold (hundeloven).

Lov 20. mai 2005 nr 28 om straff

Lov 27. mai 2005 nr.31 om skogbruk(skogbrukslova)

Lov 17. Juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (finnmarksloven).

Lov 15. Juni 2007 nr. 40 om reindrift (reindriftsloven)

Lov 5. Juni 2009 nr. 35 om naturområder i Oslo og nærliggende kommuner (markaloven)

Lov 19. Juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Forskrift 26. Juni 2002 nr. 847 om brannforebyggende tiltak og tilsyn

Verneforskrifter:

Forskrift 9. September 1971 nr. 06 om verneplan for Femundsmarka, vedlegg 3, vern av Femundslia landskapsvernområde, Engerdal kommune, Hedmark.

Forskrift 1. Juni 1973 nr. 3780 om opprettelse av fuglereservater og større naturvernområder på Svalbard.

Forskrift 17. Juni 1977 nr. 09 om vernebestemmelser for landskapsvernområde for Innerdalen landskapsvernområde, Sunndal kommune, Møre og Romsdal.

Forskrift 14. Desember 1979 nr. 01 om vern for Froan naturreservat og landskapsvernområde med tilhørende dyrelivsfredning, innenfor Frøøyene, Frøya kommune, Sør-Trøndelag.

Forskrift 12. Mai 1980 om Jotunheimen nasjonalpark i Lom, Vågå, Vang kommunar, Oppland fylke, Luster og Årdal kommunar, Sogn og Fjordane fylke.

Forskrift 10. april 1981 om vern for Hardangervidda nasjonalpark-Odda, Ullensvang og Eidfjord, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud, med endringar 6.juni 1997 og 31.mai 2002

Forskrift 5. Juni 1981 nr. 4817 om fredning for Reinøya naturreservat, Porsanger kommune, Finnmark.

Forskrift 3. April 1987 nr. 247 om vern for Illholmane naturreservat, Ølen kommune, Hordaland.

Forskrift 11. desember 1987 nr. 1066 Trollheimen landskapsvernområde.

Forskrift 11. desember 1987 nr. 1067 om vern av Svartåmoen naturreservat, Rindal og Surnadal kommunar, Møre og Romsdal

Forskrift 8. September 1989 nr. 893 om vern av Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark, Beiarn, Meløy, Rana, Rødøy, Saltdal og Bodø kommuner, Nordland.

Forskrift 21. desember 1990 om Minilldalsmyrene naturreservat, Oppdal og Rennebu kommuner, Sør-Trøndelag.

Forskrift 25. Oktober 1991 nr. 691 Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommuner, Sogn og Fjordane.

Forskrift 17. Desember 1999 nr. 1446 om fredning av Svartåmoen som naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Forskrift 15. Desember 2000 nr. 1462 om vern av Raet landskapsvernområde med plante- og fuglelivsfredning, Arendal kommune, Aust-Agder.

Forskrift 21. Desember 2001 om verneplan for Forollhogna med tilliggende dalfører, vedlegg 1, vern av Forollhogna nasjonalpark, Holtålen, Midtre Gauldal, Rennebu, Os, Tolga og Tynset kommuner, Sør-Trøndelag og Hedmark.

Forskrift 3. Mai 2002 nr. 428 om verneplan for Dovrefjell, vedlegg 1, vern av Dovrefjell – Sunndalsfjella nasjonalpark, Sunndal, Nesset, Oppdal, Lesja og Dovre kommuner, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Oppland.

Forskrift 8. November 2002 nr. 1280 om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde, Aurland, Vik og Voss kommuner, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Forskrift 20. Desember 2002 nr. 1771 om verneplan for Stabbursdalen vedlegg 1, vern av Stabbursdalen nasjonalpark/Rávttošvuomi Álbmotmeahcci, Porsanger og Kvalsund kommuner, Finnmark.

Forskrift 29 august 2003 nr. 1101 om verneplan for Børgefjell, vedlegg 1, vern av Børgefjell/Byrkije nasjonalpark, Grane, Hattfjelldal, Røyrvik og Namsskogan kommuner, Nordland og Nord-Trøndelag.

Forskrift 29. august 2003 om vern av Møysalen nasjonalpark, vedlegg 2, Lødingen, Hadsel og Sortland kommuner, Nordland

Forskrift 12. Desember 2003 nr. 1675 om vern av Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne i Randaberg, Sola, Klepp og Hå kommunar, Rogaland.

Forskrift 8. Oktober 2004 nr. 1310 om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, Stranda og Norddal kommunar, Møre og Romsdal.

Forskrift 17. Desember 2004 nr. 1691 om verneplan for Verdal-Snåsa-Lierne. Vern av Blåfjella-Skjækerfjella/Låarte-Skæhkere nasjonalpark, Verdal, Steinkjer, Grong, Snåsa og Lierne kommuner, Nord-Trøndelag.

Forskrift 17. Desember 2004 nr 1694 om verneplan for Verdal-Snåsa-Lierne. Vern av Lierne nasjonalpark/Lijre, Lierne kommune, Nord-Trøndelag.

Forskrift 11. April 2008 om vern av Sylan landskapsvernområde i Tydal kommune i Sør-Trøndelag fylke

Forskrift 19. Desember 2008 om verneplan for skog. Vedlegg 1. Hisdal naturreservat, Bykle kommune, Aust-Agder

Forskrift 26. Juni 2009 nr. 883 om vern av Ytre Hvaler nasjonalpark, Hvaler og Fredrikstad kommuner, Østfold

Forarbeid

NOU 2004:28 Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold (Naturmangfoldloven)

Ot.prp. nr. 27 (1995-96) om lov om endringer i lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet
ot.prp. nr.52(2008-2009) om lov om forvaltning av naturens mangfold(naturmangfoldloven)

St.meld. nr. 39(2000-2001) Om friluftslivet

St.prp. nr 65(2002-2003) Tilleggsbevillinger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003(fjellteksten)

Rettspraksis

Rt. 1973 s.869

Rt. 2004 s.1985

Dom i Oslo Tingrett avsagt 18.02.2011 saksnr. 10-109768TVI-OTIR/07

Anna kjelder

Rapportar og utredningar

Andersen, Oddgeir, Øystein Aas og Bjørn Petter Kaltenborn. *Ytre-Hvaler nasjonalpark-konsekvenser for friluftsliv, reiseliv og fritidshytter*. NINA-rapport 123. Lillehammer. 2006

Andersen, Reidar og Håkon Hustad(red.). *Villrein og samfunn*. NINA-temahefte 27:77 Trondheim, 2004

Bodvin, Torjan og Einar Dahl. *Konsekvensutredning for Ytre Hvaler nasjonalpark, Østfold fylke. Deltema havbruk og fiskeri*. Bergen, 2006

Direktoratet for naturforvaltning Utredning 2003-4 Friluftsliv for funksjonshemmede-
Anbefalinger om tiltak for å bedre funksjonshemmedes muligheter til friluftsliv henta
5. februar 2011 frå <http://www.dirnat.no/content/812/Friluftsliv-for-funksjonshemmede>

Direktoratet for naturforvaltning 17-2008. Områdevern og forvaltning. 2008 henta 30.
Mars 2011 frå <http://www.dirnat.no/content/1191/Omradevern-og-forvaltning>

Heiberg, Mette Marie, Haaken M. Christensen, Dagmar Hagen, Hanne Haaland og
Øystein Aas. *Turistbedrifter i og rundt norske verneområder*. NINA rapport 141.
Lillehammer, 2006

Heiberg, Mette Marie, Haaken M. Christensen, Hanne Haaland og Øystein Aas.
*Muligheter for næringsutvikling i og rundt verneområder - med fokus på jakt, fiske og
hytter*. NINA Rapport 142.Oslo, 2006

Heiberg, Mette Marie, Dagmar Hagen og Haaken M. Christensen. *Rammebetingelser og handlingsrom for næringsutvikling i verneområder*. NINA-rapport 143.

Trondheim/Oslo, 2006

Rønning, Lars og Gunn Elin Fedreheim. *Næringsvirksomhet og friluftsliv i nordnorske verneområder: konflikt eller samarbeid?* Nordlandsforskning rapport nr. 12/2009

Forvaltningsplanar

Direktoratet for naturforvaltning, Fylkesmennene i Buskerud, Telemark og Hordaland. Forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområder. Rapport 2003-1, 2003

Fylkesmannen i Sør- Trøndelag og Møre og Romsdal Fylke. Forvaltningsplan for Trollheimen landskapsvernområde. Rapport nr. 2005:2(ST) og 2005:6(MR)

Fylkesmannen i Nordland og Nord-Trøndelag, miljøvernavdelingane. Forvaltningsplan for Børgefjell/Byrkjæ nasjonalpark. Rapport nr. 4-2009. Bodø/Steinkjer

Fylkesmannen i Vest-Agder. Forvaltningsplan for Skjærgårdsparken Lister godkjent i april 2009

Avisartiklar, tidsskriftsartiklar

Adressavisa 15.02.2011 ”Trøndelags største lakserømning noensinne” henta 21.04.2011

<http://www.adressa.no/nyheter/sortrondelag/article1590136.ece>

Driva 21. Mars 2011 ”klager på helikopterløyve” henta 14. April 2011 frå

<http://www.driva.no/nyheter/article321210.ece>

Tidens krav 25.08.2010 ”Trollheimen kan bli nasjonalpark” henta 31. Januar 2011

<http://www.tk.no/nyheter/article5236870.ece>

Tidens Krav 7. Mars 2011 ”fraspark i Trollheimen” henta 14. April 2011

<http://www.tk.no/nyheter/article5519023.ece>

forskning.no ”Vanskelig vern” henta 23. Mars 2011

<http://www.forskning.no/artikler/2010/februar/241380>

Andre nettsider

Nettsidene til sørsamane som driv reindrift i Trollheimen

<http://www.trollheimen-sijte.no/>

Nettsidene til fylkesmannen i sør-trøndelag Om Trollheimen

<http://www.fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=59373> henta 15. Januar 2011

Om avslaget på søknad om oppdrett i Froan henta 23. Mars 2011

<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=4153&amid=2975558>

Nettsidene til Fylkesmannen i Buskerud

www.fylkesmannen.no/Hardangervidda_Fellesmøte_Buskerud_04052010_WILL5.pdf
[file](#)

Nettsidene til fylkesmannen i Hedmark og fylkesmannen i Oppland

<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=31510&amid=2235013>

<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=31510&amid=3439612>

Nettsidene til Miljøverndepartementet:

Om Lister Skjærgårdspark henta 4. mars 2011:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/presesenter/pressemeldinger/2007/ny-skjargardspark-oppretted-i-vest-agder.html?id=463750>

Om Snøheim henta 17. Februar 2011:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/presesenter/pressemeldinger/2010/Snoheimsaken-avgjort.html?id=592803>

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/aktuelt/nyheter/2009/snoheim--endring-av-nasjonalturistparkforskrif.html?id=551727>

http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/Regjeringen-Bondevik-II/md/Nyheter-og-pressemeldinger/2005/snoheim_bliir_staende,_kan_bli_turisthytt.html?id=257594

Nettsider Direktoratet for Naturforvaltning

<http://www.dirnat.no/naturmangfold/verneomrader/historikk/>

<http://www.dirnat.no/friluftsliv/allemannsretten/aktiviteter/hund/>

<http://www.miljostatus.no>

Nettsider til turistforeningar:

<http://www.tt.no>

http://www.tt.no/cabin.php?ca_id=4&action=egenskaper

<http://www.kntur.no>

<http://www.dnt.no>

<http://www.turistforeningen.no/snoheim>

Om vern av grotter-nettsidene til Norsk grotteforbund henta 2. April 2010

<http://www.speleo.no/vern/index.htm>

Nettsider til turoperatører og likande

<http://www.forollhogna.no>

<http://www.naturopplevingar.no> henta 21.04.2011

<http://www.nordfjord.no> henta 21.04.2011

<http://www.rondane-dovrefjell.no> henta 21.04.2011

